

TILSYNS- RAPPORT

Høgskulen på Vestlandet

Periodisk oppfølging fase 1 – Tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet

2026



NOKUT – Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga – er eit fagleg uavhengig forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet.



NOKUT har eige styre og er fagleg uavhengig i dei oppgåvene som er definerte i universitets- og høgskulelova. I tillegg utfører vi forvaltingsoppgåver som er delegerte frå Kunnskapsdepartementet.



Føremålet med verksemda til NOKUT er å føre tilsyn med kvaliteten i høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning, og å stimulere til kvalitetsutvikling som sikrar eit høgt internasjonalt nivå i utdanningstilboda ved institusjonane.



NOKUTs ambisjon er å sikre og bidra til å utvikle norsk utdanningskvalitet gjennom å vere eit framtidsretta og internasjonalt leiande kvalitetssikringsorgan for høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning.



NOKUT brukar sakkunnige i akkrediteringar, tilsyn, evalueringar og prosjekt.

Du kan lese meir om arbeidet vårt på nokut.no.



NOKUT er sertifisert som miljøfyrtårn

Institusjon	Høgskulen på Vestlandet
Sakkunnige	Håvard Dragland, Tina Bering Keiding, Bendik Meling Samuelson og Monica Alterskjær Sundset
Dato for vedtak	29.04.2026
NOKUTs saksnummer	24/00859

© NOKUT Oppgi NOKUT som opphav ved bruk av materiale.

Føreord

Den periodiske oppfølginga av det systematiske kvalitetsarbeidet ved universitet og høgskular er ein del av NOKUT sitt arbeid med å sikre og fremme kvalitet i høgare utdanning.

Formålet med oppfølginga er å bidra til at samfunnet kan ha tillit til kvaliteten i norsk høgare utdanning. NOKUT sitt arbeid med ekstern kvalitetssikring er forankra i dei europeiske standardane og retningslinjene for kvalitetssikring i høgare utdanning (ESG). Den periodiske oppfølginga er heimla i universitets- og høgskulelova § 3-6 og utdjupa i universitets- og høgskuleforskrifta kapittel 1.

I 2025 gjennomførte NOKUT, som ein del av den periodiske oppfølginga, tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet ved Høgskulen på Vestlandet (HVL). I slike tilsyn oppnemner NOKUT ein sakkunnig komite som gjer dei faglege vurderingane. Komiteen sine vurderingar av HVL sitt kvalitetssystem og kvalitetsarbeid, sett opp mot krava i universitets- og høgskuleforskrifta §§ 1-7 og 1-8, er presenterte i kapittel 4 i denne tilsynsrapporten.

Komiteen sitt mandat omfattar òg å gi råd om vidareutvikling av kvalitetsarbeidet. Komiteen si samla faglege vurdering og råd til institusjonen går fram av kapittel 4.

I tråd med NOKUT sin fullmaktstruktur er det styret i NOKUT som gjer vedtak om institusjonen har eit tilfredsstillande kvalitetssystem og kvalitetsarbeid. Styret handsama saka 29. april 2026. Styret sitt vedtak går fram av kapittel 2.

NOKUT takkar både den sakkunnige komiteen for godt utført arbeid og alle tilsette og studentar ved HVL som har bidratt i tilsynsprosessen.

Kristin Vinje

administrerende direktør

Abstract

Periodic review of systematic quality assurance work at higher education institutions forms part of NOKUT's efforts to ensure and promote quality in higher education.

NOKUT's work with external quality assurance is anchored in the Standards and Guidelines for Quality Assurance in the European Higher Education Area (ESG). The periodic review is mandated in Section 3-6 of the Universities and University Colleges Act and further elaborated in Chapter 1 of the Regulations Relating to Universities and University Colleges.

For each periodic review, NOKUT appoints an expert committee to carry out academic assessments. The expert committee's assessments are based on the institution's self-evaluation and on documentation supporting its quality assurance work.

As part of the review, NOKUT conducts an institutional visit, during which key institutional stakeholders – including leadership, relevant academic staff, administrative staff, and students – are interviewed. The purpose of the visit is to clarify any issues that are not sufficiently explained in the self-evaluation and the written documentation.

In 2025, NOKUT conducted a periodic review of the systematic quality assurance work at Western Norway University of Applied Sciences (HVL). HVL is a public university college with approximately 16,800 students across five campuses and offers programmes of professional studies as well as research within Teacher Education, Health and Social Sciences, and Technology, Environmental and Social Sciences.

The expert committee finds that the quality assurance system and the systematic quality assurance work at HVL are satisfactory and in compliance with all legal requirements. Based on the committee's academic assessments and recommendations, NOKUT concludes that HVL maintains a satisfactory quality assurance system and quality assurance work, and that all the requirements set out in Sections 1-7 and 1-8 of the Regulations Relating to Universities and University Colleges are met.

The committee highlights as a particular strength that HVL's quality system demonstrates a strong student-centred approach, with broad student representation in its quality work. The committee also commends HVL for its thorough and systematic work with the learning environment across all five campuses. To support further development, the committee recommends that HVL address the following seven aspects of quality work: 1) clarify responsibilities and decision-making powers within the organisation and develop a clear overview outlining the division of responsibilities and the relationships along the management lines, 2) develop and use concrete, measurable and relevant indicators and targets to evaluate the quality work and the educational provision, enabling the identification and followup of deviations, while setting clear goals in strategic documents and plans, 3) develop a clear and comprehensive description of the procedures of systematic control to assess whether all study programmes meet accreditation requirements, 4) increase the involvement of external stakeholders in the periodic evaluations and strengthen the enhancement and improvement aspect of the evaluations, 5) ensure a coherent and continuous process by systematically securing effective quality loops - data collection, analysis, follow-up - in dialogue with academic environments, 6) consider how student feedback can be used more effectively and prioritise among surveys to avoid evaluation fatigue, and 7) produce a fixed annual quality report to the Board, providing a comprehensive overview of the institution's quality work.

Innhald

1 Om tilsynsprosessen	6
1.1 Oppfølging i to fasar.....	6
1.2 Vurderingsgrunnlag.....	6
2 Om tilsynet ved Høgskulen på Vestlandet (HVL)	8
2.1 Vedtak.....	8
2.2 Klagerett.....	8
3 Om HVL og organiseringa av kvalitetsarbeidet	10
3.1 Høgskulen på Vestlandet si eigenart og organisering.....	10
3.2 Organiseringa av kvalitetsarbeidet	11
4 Sakkunnig vurdering av kvalitetssystemet og kvalitetsarbeidet til HVL	17
4.1 Kvalitetssystemet.....	17
4.2 Strategisk arbeid	25
4.3 Forankring.....	28
4.4 Medverknad.....	31
4.5 Innhenting og bruk av informasjon.....	36
4.6 Systematisk kontroll.....	39
4.7 Periodisk evaluering.....	43
4.8 Komiteen si samla vurdering og råd til HVL	48
Vedlegg	51
Offentleg uttale frå HVL.....	51

1 Om tilsynsprosessen

1.1 Oppfølging i to fasar

Den periodiske oppfølginga består av to fasar.

I fase 1 fører NOKUT tilsyn med institusjonen sitt kvalitetsarbeid, med heimel i universitets- og høgskulelova § 3-6. I tilsynet vurderer NOKUT om institusjonen sitt kvalitetssystem og kvalitetsarbeid oppfyller krava i universitets- og høgskuleforskrifta §§ 1-7 og 1-8.

I fase 2 legg NOKUT til rette for vidareutvikling av institusjonane sitt kvalitetsarbeid. Kva for type oppfølging dei ulike institusjonane får frå NOKUT, avheng av utfallet av fase 1. Det vil vere to moglege utviklingsløp i fase 2:

- Institusjonar som får vedtak om at kvalitetssystemet og kvalitetsarbeidet er tilfredsstillande, skal i fase 2 velje eitt område eller éin tematikk dei ønsker å vidareutvikle. Institusjonane vel sjølve kva for område eller kva for tematikk det skal vere. Det skal vere ein rød tråd frå fase 1 til fase 2.
- Institusjonar som får vedtak om at kvalitetssystemet og/eller kvalitetsarbeidet ikkje er tilfredsstillande, får pålegg om å rette opp manglane innan ein frist på 3–12 månader.

1.2 Vurderingsgrunnlag

Grunnlaget for vurderinga i tilsynet er ei eigenvurdering og eit utval med originaldokumentasjon frå kvalitetsarbeidet ved institusjonen. Dokumentasjonen skal vise korleis kvalitetssystemet og kvalitetsarbeidet fungerer i praksis, slik institusjonen sjølv skildrar og vurderer det i eigenvurderinga.

Det øvste studentorganet og interesseorganisasjonen for ph.d.-studentar ved institusjonen får òg anledning til å gi eigne uttaler om det systematiske kvalitetsarbeidet ved institusjonen.

Som ein del av tilsynet gjennomfører NOKUT eit institusjonsbesøk. Formålet med besøket er å avklare forhold som er uklare, eller som ikkje kommer tydeleg nok fram i eigenvurderinga og den skriftlege dokumentasjonen.

Under institusjonsbesøket har den sakkunnige komiteen samtalar med blant andre

- representantar frå styret og den øvste leiinga ved institusjonen
- faglege leiarar på ulike nivå
- sentrale råd og utval
- studentar og tilsette, både med og utan tillitsverv
- eksterne samarbeidspartnarar

Opplysningar som kjem fram under institusjonsbesøket, skal utfylle dokumentasjonen. Samla gir det grunnlag for at komiteen kan gi ein fagleg vurdering av om institusjonen sitt kvalitetssystem og kvalitetsarbeid er tilfredsstillande.

Eigenvurderinga og den skriftlege dokumentasjonen frå institusjonen er offentleg tilgjengelege i eInnsyn – offentleg elektronisk postjournal.

2 Om tilsynet ved Høgskulen på Vestlandet (HVL)

Høgskulen på Vestlandet (HVL) vart 9. januar 2025 beden om å sende inn eigenvurdering og dokumentasjon på korleis institusjonen sitt kvalitetssystem og kvalitetsarbeid oppfyller krava i universitets- og høgskuleforskrifta §§ 1-7 og 1-8.

HVL sende inn eigenvurderinga og dokumentasjonen til NOKUT 9. mai 2025 samt tilleggsdokumentasjon 21. august 2025 og 11. november 2025 på førespurnad frå den sakkunnige komiteen. Studentorganet sende si uttale 8. mai 2025.

Den sakkunnige komiteen som har vurdert kvalitetsarbeidet ved Høgskulen på Vestlandet, hadde følgande samansetning:

- Monica Alterskjær Sundset, professor, UiT Norges arktiske universitet (komiteleiar)
- Håvard Dragland, student, Nord universitet
- Tina Bering Keiding, avdelingsleiar ved Centre for Educational Development, Aarhus Universitet
- Bendik Meling Samuelsen, prorektor for utdanning, Handelshøyskolen BI

Seniorrådgivarane Kjersti Bartnæs Krallinger og Eva Refsdal har vore NOKUTs saksansvarlege i tilsynet.

NOKUT gjennomførte institusjonsbesøk ved høgskulen sin campus i Bergen 23. og 24. september 2025. Den sakkunnige komiteen intervjuar den øvste faglege leiinga ved institusjonen, studentar med og utan tillitsverv, ph.d.-studentar med verv, representantar frå læringsmiljøutvalet, undervisarar med og utan emneansvar, studieprogramansvarlege, instituttleiarar og dekanar, representantar frå det sentrale utdanningsutvalet og sentralt ph.d.-utval, leiarar av sentrale avdelingar i fellesadministrasjonen, prodekanar for utdanning og kvalitetsrådgjevarar på fakulteta, eksterne aktørar som er særleg knytt til praksissamarbeid, og representantar frå høgskulestyret.

Komiteen leverte den sakkunnige vurderinga si til NOKUT 27. februar 2026. HVL har fått anledning til å peike på faktiske feil før komiteen si vurdering blei ferdigstilt. HVL blei varsla før NOKUT gjorde vedtak i saka og fekk anledning til å uttale seg. NOKUT mottok ei offentleg uttale frå HVL 18. mars 2026, som er lagd ved denne tilsynsrapporten.

2.1 Vedtak

NOKUTs styre gjorde 29. april 2026 følgjande vedtak: *Det systematiske kvalitetsarbeidet ved Høgskulen på Vestlandet er tilfredsstillande. Alle krava til kvalitetsarbeid og kvalitetssystem i universitets- og høgskuleforskrifta §§ 1-7 og 1-8 er oppfylte.*

2.2 Klagerett

Når NOKUT fører tilsyn med kvalitetsarbeidet til institusjonen, endar saka med eit enkelvedtak. Tilsynet blir gjennomført i tråd med reglane i forvaltningslova.

Når NOKUTs styre har gjort vedtak, og institusjonen har fått skriftleg beskjed om det, har institusjonen tre veker på seg til å klage, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29.

Moglegheita til å klage er likevel avgrensa. Det går fram i universitets- og høgskuleloven § 3-6 sjette ledd. I tilsynssaker kan klageinstansen ikkje overprøve NOKUTs faglege vurderingar. Det betyr at institusjonen berre kan klage dersom han meiner at det er

- saksbehandlingsfeil
- feil rettshandheving
- feil i faktum

3 Om HVL og organiseringa av kvalitetsarbeidet


3.1 Høgskulen på Vestlandet si eigenart og organisering

Høgskulen på Vestlandet (HVL) vart etablert 1. januar 2017 og er eit resultat av fusjonen mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF), Høgskulen i Bergen (HiB) og Høgskulen Stord/Haugesund (HSH). Hausten 2025 hadde høgskulen 16 854 studentar, fordelte på dei fem campusane i Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund.

HVL har ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil og universitetsambisjonar.

HVL si studieportefølje tel 17 årsstudium, 49 bachelorprogram, 33 masterprogram, 5 ph.d.-program og 90 etter- og vidareutdanningar. Den faglege verksemda er fordelt på tre fakultet: Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI), Fakultet for helse- og sosialvitenskap (FHS) og Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap (FTMS). Fakulteta og studietilboda er organiserte på tvers av campusane.

Organisasjonskart og toppleiiing



Figur 1. Organisasjonskartet til HVL. Bilde frå HVL.no

HVL og NOKUT

Som akkreditert høgskule kan HVL akkreditere eigne studietilbod på lågare grads nivå (bachelornivå). På fagområde der høgskulen kan tildele doktorgrad, kan han akkreditere eigne studietilbod på høgare grads nivå (masternivå). På fagområde der HVL ikkje kan tildele doktorgrad, må høgskulen søke NOKUT om akkreditering av studietilbod på høgare grads- og doktorgradsnivå.

I 2017 akkrediterte NOKUT studietilbodet *master i maritime operasjonar*, ei fellesgrad mellom HVL og Hochschule Emden/Leer i Tyskland. I 2019 fekk HVL NOKUT-akkreditering for *master i innovasjon og entreprenørskap, ph.d. i helse, funksjon og deltaking* og *ph.d. i ansvarleg innovasjon og regional utvikling*. I 2022 vart *master i berekraftig energiteknologi* akkreditert av NOKUT, og *master i brannsikkerheit* vart akkreditert januar 2026.

Høgskulen på Vestlandet har også ei akkreditert fagskuleutdanning for yrkesdykkarar.

NOKUT førte tilsyn med kvalitetsarbeidet ved HVL i 2018–2019, som det første tilsynet etter fusjonen mellom HiB, HiSF og HSH. HVL fekk vedtak om enkelte manglar, som vart retta opp innan fristen for oppretting. Den 17. desember 2020 fatta NOKUT sitt styre vedtak om at kvalitetsarbeidet ved HVL var tilfredsstillande.

I juni 2024 søkte HVL om akkreditering som universitet. Søknaden er for tida til handsaming i NOKUT.

3.2 Organiseringa av kvalitetsarbeidet

Kvalitetssystemet

Etter etableringa av Høgskulen på Vestlandet (HVL) i 2017 og innføringa av eit felles kvalitetssystem i 2018 har institusjonen gjennomført ei rekkje endringar for å vidareutvikle kvalitetsarbeidet.

Tilsynet i 2019 avdekte enkelte manglar knytt til HVL sine kontrollrutinar for å sikre at alle studietilbod oppfylte krava i studietilsynsforskrifta § 4-1 (3):

Institusjonen skal ha ordningar for å systematisk kontrollere at alle studietilbud tilfredsstillar kravene i forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høgere utdanning og fagskoleutdanning § 3-1 til § 3-4 og kapittel 2 i denne forskrift.

Føresegna svarar til det no gjeldande kravet i universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 femte ledd. HVL retta opp manglane innan fristen for oppretting, og NOKUT vedtok i 2020, etter råd frå den sakkunnige komiteen, at HVL oppfylte alle krava til kvalitetsarbeid i samsvar med relevante forskrifter og lovverk.

HVL har sidan då revidert fleire prosessar, mellom anna for periodiske evalueringar og for å betre integrere student- og arbeidslivsrepresentasjon. Endringar i leiarstruktur, ny verksemdsstrategi og samanslåing av fakultet har òg påverka behovet for oppdateringar i systemet, oppgir HVL i eigen vurderinga.

Våren 2024 starta HVL ein omfattande revisjon av kvalitetssystemet. Det reviderte systemet, vedteke i februar 2025, trådte i kraft 1. august 2025. HVL beskriv i eigen vurderinga at hovudelementa i kvalitetssystemet som virka frå 2018 til juli 2025, ligg fast. Det nye kvalitetssystemet til HVL inneheld følgjande hovuddelar:

- «Innleiing» gjer greie for formelle krav systemet skal bidra til å oppfylle, og beskriv HVL sine kvalitetsområde og oppfølging av desse samt mål for kvalitetsarbeidet.
- «Roller og ansvar» inneheld rollebeskrivingar, ansvarsområde og rapporteringslinjer.
- «Kvalitet i emne, studieprogram og studieportefølje» gjer greie for dei tre nivåa som kvalitetssystemet til HVL er strukturert rundt, og for korleis arbeidet skal gå føre seg i praksis.
- «Studentdata» beskriv innhenting av studentdata og føremålet med innhentinga.
- «Læringsmiljø» beskriv korleis HVL systematisk skal arbeide for å oppnå godt fysisk, psykososialt, organisatorisk, pedagogisk og digitalt læringsmiljø.
- «Medverknad og tilbakemelding» skildrar korleis HVL skal sikre medverknad i utviklinga av utdanningane, med utgangspunkt i erfaringar frå undervisning og vurdering samt dialog med studentar og tilsette.
- «Utvikling og kontroll av fagmiljø» gjer greie for HVL sin kompetansopolitikk og verktøy for oversyn og kontroll med fagmiljø.
- «Samfunns- og arbeidsliv» beskriv høgskulen sitt systematiske arbeid for vidareutvikling av eksterne samarbeid.
- «Studieprogram med særskilte krav» omfattar etter- og vidareutdanningar, *bachelor i nautikk*, fagskoleutdanning for yrkesdykkarar og høgskulen sine ph.d.-program.

Kvalitetssystemet omfattar all utdanning ved HVL. Høgskulen har i tillegg eit eige system for kvalitet i ph.d.-utdanningane for å møte dei særskilte krava til oppfølging av ph.d.-program og den einskilde kandidaten. I eigen vurderinga oppgir HVL at høgskulen i det nye kvalitetssystemet har ønska å tydeleggjere leiarstrukturar og rapporteringslinjer internt på dei tre fakulteta. Det nye kvalitetssystemet definerer fem **kvalitetsområde**:

- medverknad, læringsmiljø og gjennomstrøyming
- læringsutbytte
- kvalitet i emne, studieprogram og studieportefølje
- fagmiljø
- samfunns- og arbeidslivsrelevans

Med utgangspunkt i dei fem kvalitetsområda beskriv HVL i systemskilddinga at eit studietilbod med høg kvalitet

- er forankra i stabile fagmiljø med høg kompetanse, både vitenskapleg og pedagogisk
- er relevante for samfunnet og støttar opp om behova til framtidens arbeidsliv
- tek vare på det fysiske og psykososiale læringsmiljøet til studentane og er ein god læringsarena

- fungerer som ein heilskap der læringsutbyta i enkeltemna byggjer opp til det totale læringsutbyttet på ein god måte

HVL si systemskildring beskriv vidare korleis kvalitetsområda skal følgjast opp:

Dei strategiske måla blir kvart år brote ned til konkrete, prioriterte oppdrag til kvar linje ved HVL, som får ansvaret med å ta oppdraga vidare inn i fakultetsplanar og handlingsplanar med ulike tema. Planar for å løyse oppdrag, og dermed for realiseringa av mål, blir følgd opp og evaluert i dialogmøte med rektor, gjennom verksemdsrapportering til styret, i årsrapporten til KD og i etatsstyringa med KD.

Føremålet med kvalitetssystemet ved Høgskulen på Vestlandet er å sikre og vidareutvikle kvaliteten i utdanningane. Systemet skal bidra til at studentane oppnår læringsutbyttet, møter arbeidsrelevante utdanningar, opplever eit godt læringsmiljø og er førebudde på ein framtidig yrkeskarriere. Kvalitetssystemet skal også sikre at HVL oppfyller krav i lov og forskrift, og at institusjonen har eit systematisk og dokumentert arbeid med utdanningskvalitet.

Ansvaret og oppgåvene til aktørane

Høgskulestyret har det overordna ansvaret for arbeidet med kvalitet ved HVL og for den strategiske utviklinga av studieporteføljen på alle nivå. Styret har det overordna ansvaret for at læringsmiljøet ved institusjonen er fullt forsvarleg ut frå ei samla vurdering av omsynet til studentane si helse, sikkerheit og velferd. Styret vedtar lokale forskrifter, instruksar og mandat for styre, råd, utval og funksjonar med ansvar og oppgåver i systemet for arbeid med kvalitet i utdanningane. Det godkjenner også årsrapporten for HVL, medrekna resultatoppfølging og planlegging knytt til kvalitet i utdanningane.

Rektor rapporterer til styret om det systematiske kvalitetsarbeidet og har eit overordna ansvar for arbeidet med kvalitet i utdanningane og studentane sitt læringsmiljø. **Prorektor for utdanning** har eit strategisk ansvar for utviklinga av høgskulen sine utdanningar. Prorektoren skal ivareta og vidareutvikle system og rammer for utdanningskvalitet som støttar opp under fakulteta sitt arbeid med kvalitetsutvikling i utdanningane. Prorektoren har ansvar for strategisk utvikling av utdanningstilboda til HVL og skal vere ein pådrivar for utvikling og fornying av studietilbod, utdanningskvalitet og læringsmiljø i samarbeid med fakulteta og i samsvar med institusjonen sine strategiar og vedtak. Prorektoren skal også koordinere verksemda innanfor utdanningsområdet og sørge for effektiv administrasjon og drift av høgskulen sitt samla studietilbod. Prorektor for utdanning leiar utdanningsutvalet ved HVL og er medlem av, eller leiar av, læringsmiljøutvalet. **Prorektor for forskning** har ansvar for strategisk utvikling av FoU-verksemda ved HVL. Prorektoren har ansvar for å styrke samhengane mellom forskning og utdanning, skal vere pådrivar for internasjonalisering i utdanning og forskning og har ansvar for arbeidet med kvalitet i ph.d.-utdanningane. Prorektoren leiar det sentrale ph.d.-utvalet og forskning- og innovasjonsutvalet. **Prorektor for nyskaping og regional utvikling** har ansvar for å vidareutvikle eksternt samarbeid, for å styrke høgskulen sin posisjon i regionen og for å synleggjere HVL som kunnskaps- og kompetanseaktør og bidra til at høgskulen er ein

attraktiv samarbeidspartnar for privat næringsliv og offentlege verksemder. Prorektoren har ansvar for HVL sitt samla arbeid med vidareutvikling av fem berekraftige campusar.

Kvart av dei tre fakulteta har sitt **dekanat** med overordna ansvar for kvalitetsarbeidet og for strategisk utvikling av studieporteføljen ved fakultetet. Dekanane har ansvar for at studietilboda held høg kvalitet, og at studentane sitt læringsmiljø er fullt ut tilfredsstillande. Dei skal sikre at fakultetet sine utdanningar er tilpassa samfunnet og den einskilde sitt behov for livslang læring, og har også det overordna ansvaret knytt til gjennomføring av ph.d.-utdanning ved fakultetet. Dekanane rapporterer til rektor om det systematiske kvalitetsarbeidet ved fakulteta. **Instituttleiinga** har ansvar for arbeidet med kvalitet i instituttet og ser til at arbeidet blir gjennomført i tråd med kvalitetssystemet. Instituttleiinga har dessutan ansvar for fagleg kvalitet i utdanning, praksis og forskning innanfor instituttet sine fagområde og leiar arbeidet med å tilpasse instituttet sine fagområde til behova i samfunnet, utvikle utdanningstilbod på bachelor- og masternivå og bidra i arbeidet med utdanningstilbod på ph.d.-nivå. Det ligg også til instituttleiinga å arbeide for godt arbeids- og læringsmiljø ved instituttet.

Faglege leiarar for ph.d.-programma er administrative og faglege leiarar for sine ph.d.-program og rapporterer til dekanatet. Dei leiar arbeidet med kvalitet i ph.d.-programma i samarbeid med programutvalet og ser til at arbeidet blir gjennomført i tråd med HVL sitt kvalitetssystem, medrekna særskilte krav til ph.d.-program.

Studieprogramansvarlege for utdanningar på bachelor- og masternivå har overordna ansvar for vidareutvikling av utdanningsprogram og for den systematiske kontrollen med at studietilboda til ei kvar tid oppfyller krava til akkreditering. Studieprogramansvarleg har ansvar for å sikre høg fagleg kvalitet og god gjennomstrøyming i studieprogrammet, for mottak av nye studentar på studieprogrammet og for praksisopplæringa i studiet. Studieprogramansvarleg har ansvar for at læringsmiljøet til studentane er fullt ut tilfredsstillande, og har koordineringsansvar for studieprogram med fleire campusar og samarbeid på tvers av campusar. Det er studieprogramansvarleg som skal leggje til rette for internasjonalisering, digitalisering og nyskaping i utdanningane. Studieprogramansvarleg rapporterer i samsvar med fakultetet si organisering og delegasjonsmynde, som varierer noko mellom dei tre fakulteta. **Emneansvarlege** leiar arbeidet med kvalitet på emnenivå, har koordineringsansvar for emne med fleire faglærarar og samarbeid på tvers av fakulteta og rapporterer i samsvar med fakultetet si organisering.

Studentane og ph.d.-studentane ved HVL er representerte i alle relevante råd og utval ved institusjonen. Studenttinget på Vestlandet (STVL) er det øvste politiske studentorganet og vart oppretta etter fusjonen i 2017, og Studenttinget er det øvste politiske organet. Studenttinget har representasjon frå alle campusar. Studentdemokratiet er organisert med tillitsvalte på klasse-, institutt-, fakultets- og campusnivå. Studenttinget og studentråda har ansvar for at studenttillitsvalde får opplæring.

Tilsette skal medverke til utviklinga av kvalitet i høgskulen i kraft av sin funksjon, eller som medlem av råd, utval eller fagorganisasjon.

Administrative leiarar for einingar i fellesadministrasjonen har ansvar for utvikling og kvalitetssikring av tenester i sine einingar. Administrative leiarar i fakulteta har ansvar for utvikling og kvalitetssikring av tenester i sine einingar. Alle studieprogramråda skal ha administrativ støtte.

Samfunns- og arbeidsliv skal medverke til utviklinga av kvalitet i utdanningane ved å delta i høgskulestyret og i råd og forum på fakultets- og studieprogramnivå.

Sentrale råd og utval

Læringsmiljøutvalet (LMU) skal observere, føre tilsyn med og vere pådrivar for at læringsmiljøet for alle studentar ved HVL blir ivaretatt. LMU rapporterer til styret gjennom årsrapporten til HVL. Utvalet har fem studentmedlemmer og fem tilsettmedlemmer og skal leiast vekselvis eitt studieår om gongen av eit tilsettmedlem (prorektor for utdanning) og eit studentmedlem (læringsmiljøansvarleg for arbeidsutvalet i STVL).

Sentralt utdanningsutval er rådgjevande for rektor i saker som gjeld utdanning. Utvalet skal bidra til å sikre at studietilboda har høg kvalitet og samfunns- og arbeidslivsrelevans, og at dei byggjer HVL sin faglege profil og støttar opp om strategisk utvikling knytt til internasjonalisering, forskingsbasert utdanning og livslang læring. I utvalet sit prorektor for utdanning (leiar), dei tre prodekanane for utdanning, to representantar for vitskapleg tilsette, to studentrepresentantar, ein ekstern representant frå UH-sektoren, ein leiar frå avdeling for studieadministrasjon og avdelingsleiar biblioteket. Medlemmene er oppnemnde for fire år, med unntak av studentrepresentantane, som er oppnemnde for eitt år. Utvalet har delegert mynde frå styret til å akkreditere nye studieprogram med eit omfang på over 60 studiepoeng innanfor fagområde der høgskulen kan tildele doktorgrad, og kan fatte vedtak i ulike utdanningsaker etter delegert mynde frå rektor eller styret.

Utdanningsutval på fakultet finst på Fakultet for helse- og sosialvitskap (FHS) og Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap (FTMS), men ikkje på Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI), der fakultetsrådet har ivaretatt same funksjon. Utvala er rådgjevande for dekan om det systematiske arbeidet med kvalitet i emne, studieprogram og studieportefølje, den utdanningsfaglege kompetansen og læringsmiljøet ved fakultetet. Utvalet ved FHS er samansett av to administrative representantar, ein fagseksjonsleiar frå kvart av institutta, ein studentrepresentant og ein ekstern fagfelle. Prodekanen for utdanning ved fakultetet leiar utvalet. Ved FTMS består utvalet av ein ekstern fagfelle, to studentrepresentantar, ein representant frå dei fagleg tilsette ved kvart av dei tre institutta Institutt for sikkerheit, kjemi- og bioingeniørfag, Institutt for maskin- og maritime studium og Institutt for bygg, miljø- og naturvitskap, mens dei to institutta Institutt for datateknologi, elektroteknologi og realfag og Handelshøgskulen HVL har to representantar kvar i utvalet. Prodekanen for utdanning ved fakultetet leiar utvalet. Ved eventuell delegasjon skal utdanningsutvalet på fakulteta fatte avgjerd i saker delegert av dekan som gjeld godkjenning av nye studieplanar og større revisjonar av eksisterande studieplanar til og med vidareutdanningar og i saker som gjeld fastsetting av retningslinjer knytt til arbeid med utdanningskvalitet ved fakultetet. Utvalet på FTMS si funksjonstid er to år om gangen.

Fagtilsette og ekstern representant sit i to år, mens studentrepresentantane sit i eitt år. På FHS er funksjonstida fire år, der studentrepresentantar sit i eitt år.

Sentralt ph.d.-utval er rådgjevande for strategisk leiing om saker som gjeld forskarutdanning. Utvalet har ansvaret for kvalitetssystemet for ph.d.-utdanningane og skal utarbeide og forvalte felles retningslinjer og rutinar i samsvar med forskrift for graden *philosophiae doctor* (ph.d.) ved HVL. Utvalet har 12 medlemmer: to ph.d.-studentar, ein ekstern fagfelle, ein tilsettrepresentant frå kvart av dei fem ph.d.-programma og prodekan for forskning frå kvart av dei tre fakulteta. Leiar er prorektor for forskning.

Ph.d.-programutvala er rådgjevande for dekan i saker som gjeld den einskilde ph.d.-utdanninga. Ph.d.-programutvala skal initiere tiltak for å kvalitetssikre og vidareutvikle ph.d.-utdanninga på emne- og studieprogramnivå. Utvala skal vidare godkjenne endringar i studieplanane innanfor ramma av akkrediteringa. Utvala består av prodekan for forskning ved det aktuelle fakultetet, tre (Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett) eller fire (Fakultet for helse- og sosialvitskap og Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap) tilsettrepresentantar og ein ph.d.-student.

Studieprogramråda er rådgjevande for studieprogramansvarlege og fakultetsleiinga om kvalitetsarbeidet ved studieprogramma. Alle studieprogram i HVL skal vere knytt til eit studieprogramråd. Studieprogramrådet skal gje dekan, instituttleiinga og studieprogramleiing råd om kvalitetsutvikling av studieprogramma. I løpet av året skal rådet gå gjennom relevante evalueringar og studentdata og drøfte og gi råd om tiltak for å betre gjennomstrøyming og læringsmiljø på studieprogramma. Gjennom eksterne medlemmer skal rådet også få innspel og diskutere arbeidslivsrelevansen i utdanninga, mellom anna i samband med periodisk evaluering. Fakultet for helse- og sosialvitskap har nitten studieprogramråd, Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap har tretten studieprogramråd og Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett har seks studieprogramråd. Desse funksjonane skal alltid vere representerte i råda: studieprogramansvarleg, vitskapleg tilsette, studentar, administrativt tilsette og eksterne. Eksterne skal vere representantar frå praksisfeltet eller samfunns- og arbeidslivet. Ved behov kan andre funksjonar oppnemnast i tillegg. Talet på medlemmer frå dei ulike gruppene blir fastsett for kvart einskilt studieprogramråd. Dekan utnemner leiar for studieprogramrådet. Ein av dei administrativt tilsette har sekretærfunksjon. Leiar og sekretær set opp sakliste for møta i fellesskap, og referat frå møta vert lagde i arkivsystemet og sende til institutt- og fakultetsleiinga til orientering.

Nemnd for studentsaker er eit lovpålagt organ som handsamar klager om enkeltvedtak og, etter vedtak i styret, andre klagesaker for studentane. **Skikkavurderingsnemnda** er eit lovpålagt organ, og nemnda sitt arbeid er regulert i forskrift om skikkethetsvurdering i høgere utdanning. **Studentombodet** ved HVL er ein uavhengig bistandsperson som har som oppgåve å gje studentane råd og hjelp i saker som gjeld deira studiesituasjon. Studentombodet skal sjå til at sakene får ei forsvarleg og korrekt handsaming, og at studentane sine rettar vert ivaretekne.

4 Sakkunnig vurdering av kvalitetssystemet og kvalitetsarbeidet til HVL

4.1 Kvalitetssystemet

Universitets- og høgskuleforskrifta § 1-7

Institusjonen skal ha et kvalitetssystem som er skriftlig og tilgjengelig, og som gjelder for alle institusjonens studietilbud. Systemet skal minst bestå av følgende:

- a. beskrivelse av ansvarsforholdene, rapporteringslinjene og hvordan kvalitetsarbeidet skal gjennomføres i praksis
- b. institusjonens rutiner for systematisk kontroll med, og videreutvikling av, kvaliteten i studietilbudene, herunder rutiner for å sikre tilstrekkelig dokumentasjon av kvalitetsarbeidet og rutiner for å rette opp sviktende kvalitet innen rimelig tid
- c. beskrivelse av institusjonens arbeid med læringsmiljø, jf. universitets- og høyskoleloven § 10-1 tredje ledd
- d. beskrivelse av institusjonens rutiner for studentevalueringer, jf. universitets- og høyskoleloven § 3-5 første ledd annet punktum.

Tolking av kravet

Føremålet med universitets- og høgskuleforskrifta § 1-7 er å seie kva institusjonen sitt kvalitetssystem minst må bestå av for å kunne verte vurdert som tilfredsstillande, jf. universitets- og høgskulelova § 3-6 første ledd. Føresegna presiserer at eit kvalitetssystem må vere skriftleggjort og tilgjengeleg, og at systemet må gjelde for alle institusjonen sine studietilbud.

Vurdering

Det gjeldande kvalitetssystemet til HVL trådde i kraft 1. august 2025, altså i tida mellom HVL leverte inn dokumentasjon til NOKUT og institusjonsbesøket, som fann stad i september. At kvalitetssystemet er heilt nytt, inneber at det ikkje har fått verke enno, og prosessane som er dokumenterte, er i tråd med det gamle kvalitetssystemet, ikkje det nye. Derfor har det vore utfordrande for komiteen å vurdere korleis kvalitetssystemet fungerer i praksis, ved vurderinga av det praktiske kvalitetsarbeidet under universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8. I tillegg til det nye kvalitetssystemet har HVL dokumentert skildringa av kvalitetssystemet som gjaldt til og med juli 2025. Komiteen har sett til begge kvalitetssystema for å forstå dei dokumenterte prosessane i kvalitetsarbeidet. I vurderinga av universitets- og høgskuleforskrifta § 1-7 er det HVL sitt nye kvalitetssystem, gjeldande frå 1. august 2025, som ligg til grunn for vurderingane.

HVL dokumenterer at høgskulen har eit kvalitetssystem, «Kvalitetssystem for utdanning», som er **skriftleggjort** i form av ei systemskildring og gjort **tilgjengeleg** for relevante aktørar på HVL sine nettsider. På nettsidene til HVL kan ein navigere seg til eigne nettsider for

utdanningskvalitet. Der finn ein rutineskildringar og årshjul samt oversikt over kva funksjon som har ansvar for at prosessar og aktivitetar blir utførte. Dokumentasjon frå det praktiske kvalitetsarbeidet er også tilgjengeleg via nettsidene.

Dokumentasjonen og informasjonen som kom fram under institusjonsbesøket, viser at kvalitetssystemet blir nytta på **alle utdanningstilboda** til HVL. Ph.d.-utdanningane sine særskilte behov blir ivaretekne gjennom eit eige tillegg, «Systematisk kvalitetsarbeid i ph.d.-utdanningane ved Høgskulen på Vestlandet», som også er tilgjengeleg på HVL sine nettsider. Både den generelle systemskildringa og tillegget for ph.d.-utdanningane er også tilgjengelege på HVL sine interne nettsider, Vestibylen.

Den sakkunnige komiteen meiner at HVL har ei formålstenleg skildring av kvalitetssystemet. Høgskulen har gjort systemskildringa lett tilgjengeleg og set på den måten relevante aktørar i stand til å orientere seg i tråd med dei behova dei har.

Med sine fem campusar og tre fakultet er HVL ein stor og kompleks organisasjon. Med dette kjem vurderingar knytte til einsretting jamfør lokal tilpassing av systemet. Dei tre fakulteta har system for kvalitetsarbeid som er likt, men ikkje identisk, organisert. Den sakkunnige komiteen ser det som positivt at fakulteta har fått ei viss moglegheit til å tilpasse kvalitetssystemet og få det til å fungere tilpassa fakultetet sin eigenart. Særprega til kvart fakultet kan gjere variasjonen innanfor systemet føremålstenleg. Samtidig kan det gjere arbeidet meir komplisert, til dømes ved oppdateringar/revisjonar av systemet. Komiteen ber HVL vurdere fordelar og ulemper ved ei slik ulik organisering.

a. Ansvarsforhold, rapporteringslinjer og praktisk gjennomføring

Som vist i kapittel 3.2 i denne rapporten er **ansvarsforhold** og rapporteringslinjer gjort greie for i HVL si systemskildring. Systemskildringa gjer greie for styre, råd og utval og kva for roller og ansvar dei ulike aktørane på høgskulen har i kvalitetsarbeidet.

I eigenvurderinga og i intervju under institusjonsbesøket trekkjer HVL fram revisjonsarbeidet som er gjort for å tydeleggjere ansvarsforhold og rapporteringslinjer i det nye kvalitetssystemet. Den sakkunnige komiteen meiner at roller og ansvar stort sett er oversiktleg og tydeleg beskrivne i systemskildringa. Komiteen finn likevel at det ikkje alltid er tydeleg kven som har oppfølgingsansvar dersom avvik blir avdekka, ei heller korleis ein skal klassifisere noko som avvik – all den tid HVL ikkje har definert målbare indikatorar for ønskeleg kvalitetsnivå. Kva for ei rolle undervisarar utan emneansvar skal ha, og korleis praksislærarar skal inngå i kvalitetssystemet, er ikkje beskrive på same måte som andre relevante roller. Ei beskriving av desse rollene vil vere ei positiv komplettering av rolleskildringane.

I samband med rolleskildringane trer også **rapporteringslinjene** fram. Variasjonen mellom fakulteta og framstillinga av rapporteringslinjene i systemskildringa gjer det noko utfordrande å orientere seg i rapporteringslinjene for ein som ikkje allereie kjenner systemet. For å imøtegå denne utfordringa har HVL skildra rapporteringslinjene på kvart fakultet i eit eige kapittel i systemskildringa. Komiteen meiner likevel det er utfordrande å danne seg eit tydeleg bilete av rapporteringslinjene. Rapporteringslinjene i systemet synest

i stor grad å gå «nedanfrå og opp». Det er viktig med merksemd rundt at rapporteringslinjene også må gå ovanfrå og ned i arbeidet med kvalitetsutvikling. Ei visualisering av rapporteringslinjene kunne vere ei god støtte til beskrivingane.

Kvalitetssystemet skal også skildre høgskulen si **praktiske gjennomføring** av kvalitetsarbeidet. HVL sitt kvalitetsarbeid er strukturert rundt tre nivå: 1) kvalitet i emne, 2) kvalitet i studieprogram og 3) kvalitet i studieportefølje. Systemskildringa skildrar prosessar og ansvarsforhold på dei ulike nivåa. HVL har dokumentert fleire eksempel på skriftlege mandat, prosedyrar og ordningar for den praktiske gjennomføringa av kvalitetsarbeidet, mellom andre «Sjekkliste for emneansvarlege», som den sakkunnige komiteén trekkjer fram som eit førebiletleg verktøy for emneansvarlege.

b. Rutinar for kontroll og vidareutvikling

Kvalitetssystemet skal innehalde skildringar av kva for rutinar høgskulen har for å sikre at alle studietilbod oppfyller krava til akkreditering, og rutinar for vidareutvikling av studietilboda. Rutinane skal sikre tilstrekkeleg dokumentasjon av kvalitetsarbeidet og at sviktande kvalitet blir retta opp innan rimeleg tid. Rutinar for vidareutvikling av studietilboda kan ein forstå som rutinar for å sette i gong kvalitetsutviklande tiltak basert på resultat frå kvalitetsarbeidet og dei andre prosedyrane institusjonen har for kvalitetsutvikling, som for eksempel periodisk evaluering.

HVL har rutinar for kontroll og vidareutvikling av studietilboda i systemskildringa si. Rutinane skal sikre at høgskulen hentar inn og brukar resultat frå kvalitetsarbeidet og kunnskapsgrunnlag frå ulike kjelder i årleg og periodisk vurdering av kvalitet i emne, studieprogram og studieportefølje.

Komiteen meiner at HVL sine rutinar legg godt til rette for å sikre at alle **nye studietilbod** oppfyller akkrediteringskrava ved etablering og oppstart. Prosessen omfattar utgreiingsløyve, utarbeiding av studie- og emneplanar, akkreditering og etablering. I prosessen må fakulteta dokumentere at krava til akkreditering av studietilbod er oppfylte. Til dette arbeidet nyttar fakulteta «Rettleiar for utforming av studie- og emneplanar ved HVL», som mellom anna inneheld rettleiing for kontroll av alle krava til akkreditering av studietilbod. Dekan har mynde til å etablere studietilbod på bachelor- og masternivå på inntil 60 studiepoeng. For studietilbod over 60 studiepoeng er det styret som har mynde til å etablere nye studietilbod, etter ein prosess som mellom anna inneber ekstern vurdering.

Kontroll med og vidareutvikling av **eksisterande studietilbod** skal skje gjennom fire prosessar: årleg revisjon av studie- og emneplanar, kontroll med krav til fagmiljø, periodiske evalueringar og strategisk utvikling av studieporteføljen.

I den årlege revisjonen av studie- og emneplanar har fakulteta rutinar for kvalitetssikring i fleire ledd gjennom systemet Emneplanlegging på Nett (EpN), med oversikt over dei ulike ansvarlege rollene. For å sikre kvalitet i emne beskriv HVL i systemskildringa at det skal gjennomførast dialog og evaluering med studentar og ph.d.-studentar. Avsluttande evaluering skjer gjennom dialogmøte mellom emneansvarleg og studieprogramansvarleg

eller fagleg leiar for ph.d.-program. Alle emne- og studieplanar skal vere i tråd med vedtekne malar og tilhøyrande rettleiarar.

HVL har dokumentert ein eigen prosess-skildring for arbeidet med årleg revisjon av etablerte studietilbod. I eigenvurderinga skriv HVL at «Rettleiar for utforming av studie- og emneplanar ved HVL» *skal* brukast ved revisjon av eksisterande emne. Det er studieprogramansvarleg som skal utføre kontrollen med akkrediteringskrava. For ph.d.-program er det fagleg leiar for ph.d.-programmet som er ansvarleg for kontrollen. I innleiinga til rettleiaren står det at «[v]ed årleg revisjon av emne- og studieplanar, *kan* [rettleiaren] nyttast som eit hjelpemiddel for kvalitetssikring og godkjenning av dei reviderte planane» (vår kursiv). Om denne rettleiaren *kan* nyttast eller *skal* nyttast ved årleg revisjon av emne- og studieplanar, er sentralt for korleis den sakkunnige komiteen vurderer HVL sine rutinar for systematisk kontroll av om studietilboda oppfyller akkrediteringskrava til ei kvar tid. Det er i denne rettleiaren det kjem fram ei tydeleg rutine for kontroll med akkrediteringskrava, og komiteen legg til grunn for vurderinga at det HVL skriv i eigenvurderinga, stemmer: Rettleiaren *skal* nyttast ved årleg revisjon av emne- og studieplanar.

Instituttleiinga skal sikre tilstrekkeleg kompetanse blant dei vitenskapleg tilsette ved instituttet sitt. I samband med akkreditering av studieprogram, årleg arbeidsplanlegging og periodiske evalueringar av studieprogram har instituttleiinga ansvar for å sikre at fagmiljøet på det enkelte studieprogrammet er samansett i tråd med krava til akkreditering. HVL har utvikla eit eige verktøy, Kompis, som gir ei samla oversikt over dei tilsette sin kompetanse. Kompis gir høve til å hente ut strukturerte data som kan nyttast til kartlegging og analyser av kompetansen i HVL, både på individ- og gruppenivå. Dette er data som HVL skal nytte til å kontrollere at alle studietilbod til ei kvar tid oppfyller akkrediteringskrava knytte til fagmiljø, og i det strategiske arbeidet med organisering og bemanning. Komiteen anerkjenner HVL for å ha utvikla klare og formålstenlege kontrollrutinar for å sikre eit solid fagmiljø.

Ved **årleg vurdering og strategisk utvikling av den samla studieporteføljen** skal styret vedta kva for studium som skal vidareførast, om nye studietilbod skal etablerast, eller om studietilbod skal fasast ut. Arbeidet fram mot styrevedtak skal skje i samsvar med prosess-skildringa «Vedtak om samla eigenfinansiert studieportefølje ved Høgskulen på Vestlandet». Det er SEFØ-modellen som styrer vurderingane knytte til den strategiske utviklinga av studieporteføljen. SEFØ-modellen består av fire sentrale område med indikatorar til kvart område: 1) strategisk betydning, 2) etterspurnad, 3) fagleg berekraft og 4) økonomisk berekraft. Dette meiner den sakkunnige komiteen er formålstenlege rutinar.

Periodiske evalueringar inngår i HVL si systemskildring. Det er to formål med HVL sine periodiske evalueringar: kontroll av alle akkrediteringskrava og kvalitetsutvikling av studietilboda. HVL reviderte prosessen for periodiske evalueringar i 2023 etter å ha vurdert den førre rutinen som for tungt innretta mot kontroll og for lite mot utvikling. Komiteen meiner dette er positive endringar, og rådar HVL til å vurdere om periodiske evalueringar

bør ha berre eitt formål: kvalitetsutvikling. Sjå også komiteen sine vurderingar under universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 sjette ledd.

Kravet i universitets- og høgskuleforskrifta § 1-7 bokstav b seier at kvalitetssystemet skal ha rutinar for å sikre at **sviktande kvalitet blir retta opp** innan rimeleg tid. Den sakkunnige komiteen har utfordringar med å identifisere tydelege målsettingar og meiner det er vanskeleg å peike på avvik når ein ikkje har tydelege normer, måltal eller terskelverdiar for kva som skal reknast som avvik. Under institusjonsbesøket kom det fram at dei tilsette opplevde at måla blei konkretiserte og tydelege gjennom rektor sitt årelege oppdragsbrev til prorektor for utdanning og dekan for kvart fakultet, og at måla deretter blei vidare konkretiserte nedover i linjene. Komiteen vil likevel råde HVL til å tydeleggjere kvalitetsstandardar for ei objektiv forståing av kva som er sviktande kvalitet, for å sikre at sviktande kvalitet blir oppdaga og retta opp innan rimeleg tid. Dette kan for eksempel bli gjort i samanheng med ei operasjonalisering av kvalitetsområda.

Gitt krava i universitets- og høgskuleforskrifta § 1-7 forventar komiteen at HVL si systembeskriving eksplisitt skal innehalde rutinar for systematisk kontroll av at akkrediteringskrava er oppfylte til ei kvar tid. Kva for rutinar som gjeld for systematisk kontroll, har likevel vore utfordrande for komiteen å sette seg inn i. Komiteen vil anbefale HVL å skrive tydelegare fram kva for oppgåver som ligg til emneansvarlege og studieprogramansvarlege i samband med den årlege revisjonen av emne og studieprogram. Under institusjonsbesøket blei det klart for komiteen at kontrollen med akkrediteringskrava i samband med årleg revisjon var ei rutine tilsette på fleire nivå i HVL ikkje var kjende med. På direkte spørsmål om kven som har ansvaret for å gjennomføre kontroll med akkrediteringskrava, og kor ofte kontrollen skal gjerast, fekk komiteen fleire ulike svar. Komiteen trur at kontrollen med akkrediteringskrava i samband med både periodisk evaluering og årleg revisjon bidreg til ukklarheit rundt innhald og formål med begge prosessane, og ber HVL tydeleggjere rutinen for årleg revisjon samt vurdere om periodisk evaluering framover berre skal ha utvikling som formål.

c. Arbeid med læringsmiljø

HVL sitt arbeid med læringsmiljø inngår i kvalitetssystemet gjennom kvalitetsområdet «medverknad, læringsmiljø og gjennomstrøyming», og systemskildringa beskriv korleis HVL skal jobbe med læringsmiljø. Læringsmiljø inngår også i HVL sin strategi for 2023–2030, der det første av seks mål slår fast at HVL har «eit stimulerande og tilgjengeleg læringsmiljø som er mangfaldig, internasjonalt og inkluderande». Det strategiske arbeidet med læringsmiljøet på HVL er nedfelt i ein handlingsplan som gjeld frå 2024 til 2028, «Handlingsplan for inkluderende læringsmiljø og universell utforming». Planen inneheld mål og tiltak for fem ulike innsatsområde: fysisk, digitalt, organisatorisk, pedagogisk og psykososialt læringsmiljø. I planen er måla brotne ned og konkretiserte til fleire delmål, og det kjem også tydeleg fram kven som har ansvar for å gjennomføre og følgje opp dei ulike tiltaka som HVL set inn for å oppnå måla.

Rolle- og ansvarsbeskrivingane i HVL sitt kvalitetssystem skildrar arbeidet med læringsmiljøet. Høgskulestyret har det overordna ansvaret for læringsmiljøet ved

høgskulen. Spørsmål om læringsmiljøet ligg inne i HVL sin mal til anonyme emneevalueringar og er tema i referansegruppemøte og klassemøte på emna. Studieprogramansvarleg har ansvar for at læringsmiljøet er fullt ut tilfredsstillande. Studieprogramråda skal, ifølgje mandatet, drøfte tiltak for vidareutvikling av læringsmiljøet på programmet. Studieprogramrådet gir dekan, institutt- og studieprogramleiing råd om utvikling av det overordna læringsmiljøet ved studieprogrammet. Studentdemokratiet har eit særleg ansvar for å ivareta studentane sine behov og sørge for at dei blir høyrde. Studentane er representerte i alle råd og utval som arbeider med læringsmiljø. HVL nyttar seg av tilbakemeldingar på læringsmiljøet gjennom blant anna studentundersøkingar som Studiebarometeret og SHoT-undersøkinga. Studiebarometeret er fast sak i læringsmiljøutvalet for diskusjon og oppfølging.

Det overordna arbeidet med læringsmiljøet ved HVL er forankra i mandatet til læringsmiljøutvalet (LMU), som er ein del av dokumentasjonen HVL har sendt til NOKUT. LMU har som hovudoppgåve å bidra til eit godt og inkluderande læringsmiljø for studentane ved institusjonen. Utvalet skal følgje opp saker som gjeld læringsmiljø, og kome med råd og forslag til tiltak. LMU går årleg gjennom handlingsplanen, og utvalet vel eitt tematisk fokusområde per studieår. Den sakkunnige komiteen er usikker på kor solid kunnskapsgrunnlag LMU bruker når utvalet vel kva område som skal ha særskilt fokus. Utvalet har ansvar for å sikre medverknad frå studentane og samarbeide med relevante einingar for å fremje kvalitet og tryggleik i læringsmiljøet. LMU har fem studentmedlemmer, fem tilsettmedlemmer og er leia av prorektor for utdanning og eitt studentmedlem annakvart år. Utvalet skal ha fire eller fem møte per studieår, der minst eitt av møta skal vere fysisk. Det fysiske møtet skal finne stad på ulike campusar i eit rulleringssystem. LMU rapporterer til styret gjennom HVL sin årsrapport. .

Særleg positivt er det at høgskulen deltek i det nasjonale kompetansenettverket LÆR-VEL, som skal jobbe for å fremje samarbeid og innsikt på tvers av institusjonar, fag og profesjonar. HVL har sett inn langsiktige innsatsar, og det er nedfelt i handlingsplanen for inkluderande læringsmiljø og universell utforming ved HVL at eit satsingsområde for HVL framover er å identifisere faktorar som er med på å skape eit inkluderande og heilskapleg læringsmiljø også for den digitale studiekvardagen. HVL har etablert ei eiga faggruppe i arbeidet med det digitale læringsmiljøet og plikta til universell utforming i regelverket.

HVL sitt arbeid med læringsmiljø inngår i eit komplekst system med mange aktørar. Ein potensiell risiko med ei slik innretning er at det kan bli uklart kven som har kontrollansvar, og kven som har oppfølgingsansvar. I handlingsplanen har HVL konkretisert kven som er hovudansvarleg for ulike tiltak, og kva tenester som skal involverast for gjennomføring av tiltaka. Gjennom institusjonsbesøket blei inntrykket frå ulike intervju at det er tydeleg for alle involverte partar kor ansvaret ligg, og at arbeidet med læringsmiljø er sett inn i eit formålstenleg system og har ein velfungerande praksis. Den sakkunnige komiteen meiner at HVL har dokumentert eit system for heilskapleg og kontinuerleg arbeid med læringsmiljø på dei fem campusane, gjennom kvalitetssystemet, rollebeskrivingar og ulike mandat.

d. Rutinar for studentevalueringar

Kvalitetssystemet til HVL legg vekt på at kvantitative data skal vere ein integrert del av kvalitetsarbeidet. HVL si systemskildring beskriv kva for studentdata høgskulen skal samle inn, og kva dataa skal nyttast til. Studentane ved HVL svarer på mange undersøkingar gjennom studieløpet, både nasjonale undersøkingar og undersøkingar frå HVL, både på emne- og studieprogramnivå. I systemskildringa oppgir HVL fem undersøkingar:

Rekrutteringsundersøkinga vert send til førsteårsstudentar kvar haust for å få innsikt i utdanningsval og studiestart. Resultata vert presenterte for styret saman med rapport om studentoptak.

Anonyme emneevalueringar skal gjennomførast minst kvar tredje gong eit emne vert undervist. Frå våren 2025 har HVL nytta verktøyet EVA, som automatiserer prosessen og integrerer undersøkinga i Canvas.

Studiebarometeret vert brukt på fleire nivå i organisasjonen og danner grunnlag for tiltak i studieprogramma. Resultata vert drøfta i studieprogramråd, fakultetsråd og studentråd, og dei vert presenterte for styret og innlemma i høgskulen sin årsrapport.

Kandidatundersøkingar vert sende til uteksaminerte studentar for å kartleggje overgangen til arbeidslivet. Resultata vert nytta i utdanningsutval, fakultetsråd og i dialogen med eksterne samarbeidspartnarar. Dei blir presenterte for styret og i årsrapporten til KD.

SHoT-undersøkinga vert gjennomført kvart fjerde år og gir innsikt i studentane si helse og trivsel. Resultata vert nytta i læringsmiljøutvalet, utdanningsutvalet og i styret.

Resultat frå undersøkingar som Studiebarometeret og anonyme emneevalueringar skal takast inn i arbeidet med kvalitet på studieprogramnivå. I tillegg til dei fem undersøkingane som står beskrive i systemskildringa, innhentar HVL studentdata gjennom fleire undersøkingar. Sjå komiteen sine vurderingar under § 1-8 fjerde ledd. Data frå alle undersøkingane skal brukast saman med kvalitative data som til dømes emnerapportar, referat frå referansegruppemøte, midtvegsevalueringar og liknande for å vidareutvikle kvaliteten i studietilbod på emne- og studieprogramnivå. Den sakkunnige komiteen meiner at HVL sine rutinar for studentevaluering er tilfredsstillande.

Oppsummering av komiteen si vurdering av universitets- og høgskuleforskrifta § 1-7

Komiteen meiner HVL sitt kvalitetssystem er skriftleg og tilgjengeleg, og at det omfattar alle studietilbod, med eigne tillegg for ph.d.-utdanningane. Ansvarsforhold er stort sett tydelege og tilfredsstillande skildra, men rapporteringslinjer og kvalitetssløyfer kunne vore betre omtala. Systemet har eit potensial for forbetring når det gjeld oppfølgingsansvar ved avvik og skildringa av rollene til undervisarar utan emneansvar og praksislærarar. Rutinar for kontroll og vidareutvikling er tilfredsstillande og godt dokumenterte, med årleg revisjon og periodiske evalueringar, men komiteen peikar på uklare mål og manglande normer for å definere sviktande kvalitet. Arbeidet med læringsmiljø er strukturert og langsiktig, med ein detaljert handlingsplan. Rutinane for studentevaluering er tilfredsstillande.

Konklusjon

Komiteen vurderer at krava og vilkåra i universitets- og høgskuleforskrifta § 1-7 bokstav a, b, c og d er oppfylte.

4.2 Strategisk arbeid

Universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 første ledd

Kvalitetsarbeidet skal være del av institusjonens strategiske arbeid.

Tolking av kravet

Ordlyden i § 1-8 første ledd gjer det klart at det skal vere samanheng mellom kvalitetsarbeidet og det strategiske arbeidet til institusjonen. Institusjonen sitt kvalitetsarbeid skal omfatte målsettingar, prioriteringar, rutinar og prosedyrar som skal bidra til at institusjonen sin strategi vert realisert, og at kvalitetsarbeidet ikkje går føre seg på sida av det andre strategiske arbeidet ved institusjonen. I tillegg til å ha ei strategisk forankring skal kvalitetsarbeidet dekke dei mest vesentlege områda som er viktige for utdanningskvaliteten ved institusjonen.

Vurdering

Den gjeldande strategien til HVL, «Kunnskap som bygger menneske og samfunn», gjeld for perioden 2023–2030. HVL sett seg mål om å vere eit inkluderande, utfordrande og samhandlande fleircampusuniversitet med høg kvalitet i utdanning og forskning, tett kopla til arbeidslivet. Gjennom internasjonalt samarbeid, ansvarleg innovasjon og forskingsbasert kunnskap vil HVL bidra til å løyse samfunnsutfordringar og styrke utviklinga av eit berekraftig samfunn. Strategien inneheld tre strategiske ambisjonar: HVL skal bidra med utdanning og forskning for samfunns- og arbeidslivet, vere ei sterk innovasjonskraft og vere ein ambisiøs samfunnsaktør. HVL skal nå ambisjonane gjennom å oppfylle seks mål:

1. Dei profesjons- og arbeidslivsretta utdanningane skal dekkje framtidens kompetansebehov, med fleksible studietilbod, høg kvalitet og tett kopling til arbeidslivet.
2. Forskinga skal halde høg internasjonal kvalitet og forme samfunns- og arbeidslivet gjennom sterke forskingsmiljø, tverrfagleg samarbeid og open forskning.
3. Ansvarleg innovasjon skal prege samhandlinga med samfunns- og arbeidslivet for å bidra til berekraftige løysingar og nye arbeidsplassar.
4. Organisasjonen skal vere kjenneteikna av kontinuerleg forbetring, med kultur for læring, utvikling og kvalitet i alle ledd.
5. HVL skal vere eit samskapande universitet med levande campusar og tydeleg regional rolle, som styrker samarbeid og utvikling i regionen.
6. HVL skal dele kunnskap og delta aktivt i samfunnsdebatten for å påverke og bidra til samfunnsutvikling.

I systemskildringa til HVL skriv høgskulen at det overordna målet for arbeid med kvalitet i utdanningane bygger på målet i strategien om at dei profesjons- og arbeidslivsretta utdanningane til høgskulen skal dekkje framtidens kompetansebehov. Under institusjonsbesøket forklarte styret at HVL vil produsere kandidatar samfunnet treng, og utdanning studentane treng for å bli attraktive for arbeidslivet.

Strategien til HVL vert operasjonalisert gjennom verksemdstyringa, der mål og ambisjonar blir konkretiserte i oppdragsbrev og handlingsplanar. Rektor skriv årlege oppdragsbrev til prorektor for utdanning, dei andre prorektorane, direktørane og dekanane, som definerer særskilte og prioriterte oppdrag til sine linjer. Fakulteta og fellesadministrasjonen følgjer opp måla som er definerte av rektor i oppdragsbrev gjennom årsplanar. Framdrift vert rapportert gjennom dialogmøte, i tertiale verksemdsrapportar og årsrapporten til styret.

Den sakkunnige komiteen meiner at det er ei klar kopling mellom HVL sine strategiske mål og høgskulen sitt kvalitetsarbeid. I eigenvurderinga peiker HVL sjølv på at det er rom for å styrke koplinga mellom kvalitetsarbeidet og styringssløyfa med planlegging, gjennomføring og avvikshandtering. HVL skriv at høgskulen vurderer om linjeleiarar på ulike nivå får tilstrekkelege og systematiske framstillingar av status med eventuelle risiko, avvik og råd om moglege tiltak. HVL meiner at ei tettare kopling mellom kvalitetssystemet og verksemdstyringa vil kunne styrke kvalitetsarbeidet si rolle i det strategiske arbeidet og slik styrke det strategiske arbeidet ytterlegare.

HVL skriv at høgskulen kan styrke det strategiske arbeidet ved at prosessen med å utarbeide rektor sine oppdragsbrev kan koplast betre saman med resultat frå kvalitetsarbeidet og relevante internrevisjonar. Slik kan oppfølging av avvik, risiko eller forbetringar som kjem fram i kvalitetsarbeidet, meir systematisk koplast til konkrete oppdrag frå rektor til dekanar og prorektor for utdanning. Med ei sterkare kopling mellom resultat frå kvalitetsarbeidet og funn frå internrevisjonar blir det lettare for styret å få innblikk i kva som er risikoområde, og dermed også å kunne drøfte og sette i verk tiltak. HVL skriv vidare i eigenvurderinga at institusjonen arbeider kontinuerleg med å sikre god informasjonsflyt og tydeleg ansvarsfordeling i organisasjonen, og at det er viktig å synleggjere korleis kvalitetsarbeidet på ulike nivå heng saman og vert følgt opp i relevante organ. Den sakkunnige komiteen støttar HVL sine vurderingar og ser det som svært positivt at høgskulen reflekterer kritisk og konstruktivt over arbeidet sitt.

I tillegg til å ha ei strategisk forankring skal kvalitetsarbeidet dekke dei mest vesentlege områda som er viktige for utdanningskvaliteten ved institusjonen. Desse områda har HVL definert i kvalitetssystemet sitt som dei fem kvalitetsområda: 1) medverknad, læringsmiljø og gjennomstrøyming, 2) læringsutbytte, 3) kvalitet i emne, studieprogram og studieportefølje, 4) fagmiljø og 5) samfunns- og arbeidslivsrelevans. HVL bruker SEFØ-modellen som verktøy for porteføljestyringa og oppdaterte modellen då ny verksemdsstrategi og fem overordna prinsipp for utviklinga av studieporteføljen blei vedtekne. Prinsippa peikar på dei områda det er viktigast for HVL å vurdere i den strategiske utviklinga av porteføljen: kompetansebehov, campusar, økonomi, forskning og «fleksibilisering».

Arbeidslivsrelevans i utdanningane og kompetansebehovet i arbeidslivet er noko HVL vektlegg både som kvalitetsområde, i arbeidet med SEFØ, i overordna prinsipp for utvikling av studieporteføljen og i rektor sine oppdragsbrev. Arbeidslivsrelevans trer fram som den tydelegaste koplinga mellom HVL sine strategiske mål og høgskulen sitt kvalitetsarbeid. Den sakkunnige komiteen anerkjenner HVL sitt arbeid for å oppnå godt samarbeid med og

involvering av arbeidslivet og praksisfeltet. Med store utdanningstilbod innanfor helse og opplæring har HVL stort behov for praksisplassar for studentane sine. Derfor er samarbeidet med praksisfeltet også tydeleg både i HVL sitt kvalitetsarbeid og i strategien til høgskulen. I eigenvurderinga skriv HVL at godt samarbeid, erfaringsdeling og informasjonsutveksling mellom studentane, praksisfeltet og høgskulen er sentralt for å sikre god kvalitet i praksis. Dette vert mellom anna sikra gjennom samarbeidsavtalar og egne praksisavtalar mellom HVL og aktørane som tar i mot studentane. HVL har frå 2025 arbeids- og yrkeslivsrepresentasjon i alle studieprogramråd, og det er jamlege møte i ulike samarbeidsorgan på ulike nivå i høgskulen, mellom representantar frå kommunesektoren, helseføretak og andre aktørar. Fakultet for helse- og sosialvitskap har også fagspesifikke utdanningsråd med alle helseføretak. Involveringa av arbeidslivet og praksisfeltet ser komiteen som ein styrke ved HVL.

Konklusjon

Komiteen vurderer at kravet i universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 første ledd er oppfylt.

4.3 Forankring

Universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 andre ledd

Kvalitetsarbeidet skal være forankret i institusjonens styre og ledelse på alle nivåer.

Tolking av kravet

I tråd med universitets- og høgskulelova er det institusjonen sitt styre som har det øvste ansvaret for kvalitetsarbeidet. Den øvste leiinga har ei nøkkelrolle i forankringa av kvalitetsarbeidet. Ei god forankring av kvalitetsarbeidet krev at styret og leiinga på alle nivå er oppdaterte om kvaliteten i studietilboda og dei ordningane og tiltaka som vert sett i verk for å sikre og vidareutvikle utdanningskvaliteten. Styret og leiinga skal handle på bakgrunn av informasjon frå kvalitetsarbeidet.

Vurdering

Tydelege skildringar av roller og ansvar i kvalitetsarbeidet er ein føresetnad for å sikre god forankring i leiinga på alle nivå. HVL sitt kvalitetssystem inneheld skildringar av roller, ansvar og rapporteringslinjer i kvalitetsarbeidet (sjå komiteen sine vurderingar under § 1–7 bokstav a). Den sakkunnige komiteen har ut frå kvalitetssystemet og organisasjonskartet identifisert følgjande roller som leiarar i kvalitetsarbeidet: høgskulestyret, rektoratet, dekanatet, instituttleiinga og studieprogramansvarlege / faglege leiarar for ph.d.-programma. Sjølv om fleire av dei som er studieprogramansvarleg / fagleg leiar ph.d.-program ikkje har personalansvar, blir desse rollene framheva av HVL som særleg viktig i kvalitetsarbeidet. Det ligg eit koordineringsansvar samt kontroll- og vidareutviklingsansvar til begge rollene. Den sakkunnige komiteen meiner at rollebeskrivingane og mandata i HVL sitt kvalitetssystem gir føresetnader for at kvalitetsarbeidet skal vere forankra i styre og leiing på alle nivå ved høgskulen, men vil trekke fram behovet for å tydeleggjere kvalitetssløyfene (sjå komiteen sine vurderingar under 1-7 bokstav a).

Høgskulestyret har det overordna ansvaret for arbeidet med utdanningskvalitet ved høgskulen og for strategisk utvikling av den totale studieporteføljen. Styret skal saman med leiinga på andre nivå vere oppdatert om kvaliteten i studietilboda og sikre at leiinga fastset ordningar og tiltak for å sikre og vidareutvikle utdanningskvaliteten. Styret får to årlege saker om studieporteføljen: ei løypemelding i juni og ein vedtakssak om neste års portefølje i november. I tillegg får styret rapportar om rekruttering, opptak og resultat frå Studiebarometeret. Dei samla vurderingane knytte til strategien og utviklingsavtalen sine mål om utdanningskvalitet vert gjennomgått i samband med verksemdrapportar for 1. og 2. tertial og godkjenninga av årsrapporten som skal til KD. Styret mottek fleire rapportar som inneheld kvalitetsparameter, men kunne ha fått eit enda betre kunnskapsgrunnlag frå ein eigen kvalitetsrapport med det samla bildet for institusjonsnivået. Den sakkunnige komiteen ser det som positivt at HVL har innført to-trinnsbehandling av strategiske saker for å styrke både forankringa og styret sin medverknad. Framgangsmåten skal sikre at styret får høve til å gje innspel tidleg i saksbehandlinga (trinn 1) før endeleg avgjerd i saka i trinn 2.

Rektor har overordna ansvar for arbeidet med kvalitet i utdanningane og rapporterer til styret om det systematiske arbeidet med utdanningskvaliteten. HVL viser i tilsendt dokumentasjon at rektor handlar på bakgrunn av informasjon frå kvalitetsarbeidet, ved å dokumentere rektor sitt oppdragsbrev til prorektor for utdanning og til eitt av fakulteta (Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett, FLKI) samt dialogmøta mellom rektor og prorektor og mellom rektor og FLKI. Komiteen ser at oppdragsbrevet heng saman med både kvalitetsarbeidet og HVL sine strategiske mål. Gjennom brevet set rektor tydelege forventningar og føringar for både prioriteringane og kvalitetsarbeidet til fakulteta.

Dekanane har ansvar for å følgje opp rektor sitt oppdragsbrev og gir føringar ut frå dette til instituttet, som instituttleiar har ansvar for å følgje opp. Instituttleiar har dialog med studieprogramansvarlege om resultat og utvikling i studieprogrammet og har ansvar for å løfte saker til fakultetsleiinga når dei ikkje kan løysast på lågare nivå.

Styret har delegert mynde til ulike roller, råd og utval og spesifikt vedteke kven som skal ha fullmakt til å akkreditere, etablere og endre studietilbod. Resultat frå kvalitetsarbeidet på emne- og studieprogramnivå og innspela som er henta inn frå studentar, emneansvarlege, studieprogramansvarlege og samfunns- og arbeidsliv, vert drøfta i ulike råd og forum på institutt- og fakultetsnivå. Desse resultatane vert brukte som del av grunnlaget for fakulteta sin årlege vurdering av studieporteføljen.

HVL har dokumentert saker som gjeld nedlegging av og nullopptak på studietilbod, som viser korleis alle delar av organisasjonen er involverte i prosessen. Komiteen meiner HVL dokumenterer at kvalitetsarbeidet er godt forankra i institusjonen sitt styre og aktuelle leiarar.

Studieprogramansvarlege er sentrale i kvalitetsarbeidet ved HVL. Dei skal innhente informasjon om programmet og rapportere til instituttleiing og studieprogramråd. Faglege leiarar for ph.d.-programma har tilsvarande ansvar. Komiteen ser at rollene som leiarar av ph.d.-program og studieprogram inneber eit stort ansvar for det viktige kvalitetsarbeidet som skjer rundt rettleiing av studentar og undervisning i emne og program.

HVL skriv i eigenvurderinga at høgskulen har lagt vekt på å utvikle dialogbaserte møteplassar på ulike nivå, framfor større grad av skriftleg rapportering. Flexibiliteten og den dialogbaserte metodikken meiner høgskulen er eit fortrinn ved systemet. HVL identifiserer samtidig utfordringar som den sakkunnige komiteen seier seg einig i: Ansvar for kvalitetsarbeidet ligg hos linjeleiarane, og det kan hende det hadde vore lettare for desse leiarane å følgje arbeidet opp dersom dei hadde hatt fleire skriftlege rapportar frå dei ulike nivåa. På same tid er det fleire utval på ulike nivå som har mandat knytte til utdanningskvalitet (studieprogramråd, utdanningsutval på fakultet og utdanningsutval på institusjonsnivå). Alle skal vere rådgivande til linjeleiinga, som har ansvaret for oppfølging. HVL skriv at samhandling og rapportering mellom utval og leiarar i praksis somme tider vert opplevd som utydelege. Sjølv om strukturane for korleis leiinga skal haldast oppdatert er tydelege, peikar både HVL si eigenvurdering og studentuttala på at det er variasjon i korleis leiinga på fakultets- og instituttnivå følgjer opp kvalitetsarbeidet. Det er utfordringar med å sikre god informasjonsflyt og forankring på tvers av nivåa, spesielt i saker som går på tvers

av institutt og fakultet. Høgskulen ønsker derfor å utvikle ein tydelegare arbeids- og ansvarsfordeling mellom leiarar og utvalsstrukturen, både internt på fakulteta og mellom fakultet og institusjonsnivå. Høgskulen har det siste året sett i gang eit arbeid med å sjå på samanheng og felles mandatpunkt for utdanningsutval på både fakultets- og institusjonsnivå. Dette arbeidet anerkjenner komiteen. Problemstillinga blei diskutert i løpet av institusjonsbesøket, og den sakkunnige komiteen merkar seg at HVL sjølv identifiserer styrkar og vekstpunkt som er heilt i tråd med komiteen si vurdering. Komiteen oppmodar HVL til å halde fram med å styrke forankringa av kvalitetsarbeidet.

Forankring av kvalitetsarbeidet inneber også at personane som skal inneha dei ulike rollene, får tilstrekkeleg opplæring i å utføre arbeidet sitt i tråd med kvalitetssystemet. Nye leiarar ved HVL får opplæring gjennom basisprogrammet for leiaropplæring, som høgskulen har dokumentert. Frå august 2024 til mars 2025 gjennomførte HVL eit nytt program for forskingsleiing, med mål om å styrke forskingsleiarane sin kompetanse og forskingskulturen på tvers av fakultet og campusar. Eit tilsvarande program for utdanningsleiing er under planlegging og skal starte opp vinteren 2026. Den sakkunnige komiteen meiner desse tiltaka viser at HVL prioriterer opplæring av leiarar som eit ledd i forankringa av kvalitetsarbeidet. Komiteen er ikkje sikker på om studieprogramansvarlege / faglege leiarar ph.d.-program får tilbod om leiarkurs. Dei studieprogramansvarlege har ei nøkkelrolle i kvalitetssystemet og treng dermed å bygge kompetanse som styrker dei i dette arbeidet. I eigenvurderinga skriv HVL at det har vore diskutert å opprette eit meir formalisert forum for studieprogramansvarlege med særskilt fokus på utvikling av både eige kvalitetsarbeid og av systemet. Komiteen meiner det er ein god ambisjon, og vil oppmuntre HVL til å realisere eit slikt forum. I eigenvurderinga står det at HVL i samband med implementeringa av det nye kvalitetssystemet skal drive meir systematisk opplæring i kva for ansvar dei ulike rollene i kvalitetsarbeidet har. Den sakkunnige komiteen anerkjenner HVL sine strukturar for systematisk opplæring i kvalitetsarbeidet og støttar høgskulen si vurdering om at opplæring er ein viktig del i implementeringa av eit nytt kvalitetssystem.

Konklusjon

Komiteen vurderer at kravet i universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 andre ledd er oppfylt.

4.4 Medverknad

Universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 tredje ledd
Studenter og ansatte skal medvirke i kvalitetsarbeidet.

Tolking av kravet

Kravet inneber at både studentar og tilsette skal vere reelt medverkande i institusjonen sitt arbeid med å sikre og vidareutvikle kvaliteten i studietilboda. Institusjonen står fritt til å finne hensiktsmessige måtar å involvere tilsette og studentar i kvalitetsarbeidet som er tilpassa størrelsen, organiseringa, den faglege profilen og eigenarten til institusjonen, samt andre lokale behov. At studentar og tilsette er reelt medverkande i kvalitetsarbeidet, er ein viktig føresetnad for å skape kvalitetskultur. Gjennom tydelege strukturar og velorganiserte møteplassar kan institusjonen legge grunnlaget for at både studentar og tilsette opplever eigarskap til kvalitetsarbeidet og blir aktive medspelarar i utviklinga av utdanningskvaliteten.

Vurdering

Den sakkunnige komiteen meiner at HVL har ein organisasjonsstruktur som viser at høgskulen vektlegg inkludering, openheit og medbestemming. Studentar og tilsette er representerte i alle relevante råd og utval der høgskulen legg til rette for dialog og aktiv deltaking i utviklinga av kvaliteten i utdanningane. Medverknad i kvalitetsarbeidet ved HVL skjer fortløpande gjennom dedikerte roller og ansvarsområder, men også i møte mellom studentar og tilsette, gjennom undervisning og rettleiing, og i formelle og uformelle møtearenaer. Kvalitetssystemet skildrar roller og ansvar i kvalitetsarbeidet på ulike nivå i organisasjonen. Dette meiner den sakkunnige komiteen legg eit godt grunnlag for kvalitetskultur i organisasjonen.

Medverknad frå studentane

Studenttinget er det øvste studentpolitiske organet ved HVL og består av 20 faste representantar frå høgskulen sine fem campusar. Arbeidsutvalet er det utøvande organet i Studenttinget på Vestlandet (STVL) og består av sju studentar som er valde av Studenttinget. Fem av desse har 100 % permisjon frå studia, mens to har verv på 30 % ved sida av studia. Verva er fordelte på dei ulike campusane for å sikre brei representasjon. Leiar i STVL kan veljast frå alle campusar og har hovudarbeids plass på den campusen vedkommande høyrer til. Tillitsvalde frå studentdemokratiet møter institutt- og fakultetsleiing i studentfakultetsråd og studentcampusråd. Representantar frå arbeidsutvalet til STVL deltek også i meir uformelle møtearenaer, som prorektor for utdanning sine møte med prodekanane for utdanning og prodekanar med ansvar for internasjonalisering og forskning. Leiar av STVL er fast observatør med uttalerett i møta i toppleiargruppa til rektor. I tillegg har rektoratet og arbeidsutvalet i STVL faste møter kvar månad der alle kan spele inn saker. Den sakkunnige komiteen anerkjenner HVL for at høgskulen har lagt til rette for gode møteplassar mellom studentdemokratiet og

institusjonsleiinga på ulike nivå, og dei formålstenlege mekanismane HVL har for å sikre representasjon frå dei ulike campusane i studentdemokratiet.

STVL har fleire arenaer for opplæring av tillitsvalde. I starten av haustsemesteret vert alle klasses tillitsvalde inviterte til opplæring på sine respektive campusar, arrangert av lokalt arbeidsutvalsmedlem på dei ulike campusane. Campustillitsvalde og fakultetstillitsvalde blir også inviterte til ei samling i Bergen for opplæring i leiarrolla, då dei leiar kvart sitt studentråd. Tidleg i vårsemesteret vert det halde ein konferanse der instituttstillitsvalde, campustillitsvalde, fakultetstillitsvalde og studenttingsrepresentantar deltek og går gjennom tema som strukturen i studentdemokratiet og opplæring i å vere tillitsvald. Konferansen har også tilpassa bolkar som er relevante for dei ulike verva. Prorektor for utdanning og studentombodet er også med på konferansen.

Den sakkunnige komiteen meiner at HVL har lagt til rette for eit velfungerande studentdemokrati som bidreg i kvalitetsarbeidet ved institusjonen. Engasjerte studentar som tek på seg verv og fungerer som talspersonar for medstudentar, er ein viktig føresetnad for å sikre relevante tilbakemeldingar og innspel, noko HVL også understrekar i eigenvurderinga. For å støtte dette arbeidet har HVL etablert tre tilsette organisasjonskonsulentar med ansvar for å gi organisatorisk støtte og legge til rette for aktivitet i heile studentdemokratiet. Komiteen meiner det er eit positivt tiltak.

Prorektor for forskning sette våren 2024 i gang eit arbeid for å styrke ph.d.-studentane sitt lærings- og arbeidsmiljø. Eit spørjeskjema med spørsmål om arbeidsforhold, organisatoriske forhold og psykososiale forhold vart sendt til ph.d.-studentane i september 2024, og HVL har dokumentert rapport frå undersøkinga med forslag til tiltaksplan på organisatoriske, fysiske og psykososiale forhold. HVL har ikkje ein eigen organisasjon for ph.d.- studentane, og dei er heller ikkje omfatta av Studenttinget sine tillitsvaltordningar og møteforum. Ph.d.-studentar er representerte i råd og utval som sentralt ph.d.- utval og programutvala, og nokre av ph.d.-programma har peika ut tillitsvalde for programmet. Vidareutvikling av møteplassar og nærare kopling med stipendiatorisasjonar i Noreg er blant tiltaka som er omtalt i «Tiltaksplan for arbeids- og læringsmiljø for stipendiatar». Komiteen ser positivt på at HVL har utarbeidd ein tiltaksplan, og forventar at arbeidet med å styrke ph.d.-studentane sine moglegheiter for medverknad blir følgde opp i samsvar med tiltaksplanen.

HVL sikrar studentrepresentasjon i alle styre, råd og utval som er beskrivne i kvalitetssystemskildringa. På emnenivå skal klasses tillitsvalde og referansegruppemedlemmer delta i møte med emneansvarleg, der det er sett opp ein fast agenda og referat vert ført. Alternativt kan emneansvarleg velje å gjennomføre møte med heile klassen dersom hen meiner det er meir formålstenleg. Innspela som kjem fram i desse møta, skal vidareformidlast av emneansvarleg, anten gjennom dialogmøte eller emnerapportar, til studieprogramansvarleg for vidare oppfølging. I tillegg gjennomfører HVL anonyme emneevalueringar minimum kvar tredje gong emnet vert gjennomført. HVL har dokumentert at innspel frå studentane vert innhenta, og at høgskulen vurderer korleis innspela best skal imøtekomast for å ivareta kvaliteten i emnet.

Høgskulen har ulike rettleiings- og rådgivingstenester som alle studentar kan nytte seg av gratis. Arbeidet med individuell tilrettelegging av læringsmiljøet for studentar er fordelt på rådgjevingstenester i fakultets- og fellesadministrasjonen. Rådgjevingstenestene samarbeider med studentsamskipnaden Saman både når det gjeld individuell oppfølging og oppfølging gjennom kurs og grupper. HVL skriv i eigenvurderinga at høgskulen har arbeidd med å styrke samarbeidet med studentane og studentsamskipnaden gjennom å prøve ut trepartssamarbeid mellom HVL, Saman og Studenttinget på Vestlandet (STVL) på campusane. Samarbeidet er starta i Haugesund, på Stord og i Sogndal. HVL skriv at målet er å etablere eit møtepunkt der dei tre partane kan samkøyre og støtte kvarandre i ulike aktivitetar og lokalt læringsmiljøarbeid på tvers av avdelingar og tenester. Dette er tiltak komiteen ser positivt på.

HVL har fleire studietilbod der praksis er ein sentral del av utdanninga. Studentane kan gje tilbakemeldingar om korleis praksis fungerer på ulike måtar: direkte til ansvarleg faglærer eller studieprogramansvarleg i munnlege oppsummeringar av praksisperioden, gjennom studenttillitsvalde eller gjennom anonyme evalueringar. Innspela blir følgde opp i studieprogramråda, som vurderer om det er behov for endringar eller tiltak. I tillegg er det utvikla eigne evalueringsskjema for praksisfeltet på barnehage- og grunnskulelærerutdanningane. Den sakkunnige komiteen ser positivt på at HVL hentar inn informasjon frå studentane om utdanningskvaliteten i praksisperiodane, og har sett dokumentasjon på at informasjonen blir følgd opp gjennom kvalitetssystemet.

Bekymringar eller avvik knytte til utdanningskvalitet og læringsmiljø kan studentar melde inn gjennom avvikssystemet «Sei ifrå». Studentane kan velje å melde inn saker anonymt eller med fullt namn. Dersom dei oppgir namn, skal dei få tilbakemelding innan tre veker om korleis meldinga er følgd opp. Det er utarbeida ein eigen rutine for handtering av avvika, og årsrapporten med oppsummering av alle saker vert lagt fram for LMU og utdanningsutvalet kvar vår. I studentuttala skriv studentane at Sei ifrå-systemet er eit godt system, men at det ikkje i tilstrekkeleg grad er synleggjort for studentane. I 2024 kom det inn 139 meldingar til systemet.

I studentuttala skriv STVL at studentane ved HVL er involverte i kvalitetsarbeidet gjennom fleire formelle kanalar, som emneevalueringar, dialogmøte og deltaking i studieprogramråd, og at desse arenaene gjev studentane gode høve til å kome med innspel og tilbakemeldingar direkte til fagleg tilsette og leiinga ved institusjonen. Særleg positivt meiner STVL det er at rammeverket til HVL legg til rette for jamlege dialogmøte og emneevalueringar, der studentane kan drøfte undervisningskvalitet og foreslå forbetringar. Studentane meiner at dette bidreg til eit solid grunnlag for kontinuerleg utvikling av undervisninga og sikrar at studentane sine perspektiv vert høyrde. STVL peikar likevel på variasjonar mellom institutt, fakultet og campusar når det gjeld korleis studentar vert involverte, og korleis evalueringar vert gjennomførte. Variasjonane kan bidra til eit noko uoversiktleig landskap, der det kan vere vanskeleg å finne balansen mellom formalisering og autonomi – noko som kan auke risikoen for at saker forsvinn i systemet.

Både eigenvurderinga til HVL og studentuttala peikar på utfordringar knytte til tilbakemeldingssløyfa til studentane om kva innspela deira har ført til. Ei utfordring HVL trekk fram i eigenvurderinga, er at endringar ofte vil vere gjeldande frå neste studieår, og difor berre blir synlege for neste studiekull og ikkje dei som melde problemstillingane inn. HVL har forsøkt å løyse nokre av utfordringane med å gje tilbakemelding til studentane ved å gjere referat frå klassemøte, referansegruppemøte og oppsummeringar av emneevalueringar tilgjengelege i Canvas.

Komiteen vurderer HVL sitt kvalitetssystem og kvalitetsarbeid som særleg studentorientert, eit inntrykk som også blei forsterka under institusjonsbesøket i møte med studentar og tilsette i ulike roller. I eigenvurderinga skriv HVL at studentrepresentasjon i kvalitetsarbeidet er noko høgskulen har jobba med å forbetre sidan førre tilsyn. Komiteen meiner at arbeidet HVL har lagt ned, er godt og rådar høgskulen til å fortsette med det gode arbeidet.

Medverknad frå dei tilsette

Rektor har overordna informasjonsansvar i HVL og nyttar digitale kanalar og informasjonsmøte for å nå ut til dei tilsette. I HVL vert tilsettmedverknad utøva gjennom personalmøte og medverknadsmøte for alle tilsette på nivå 3 (instituttleiarar i fakultet og avdelingsdirektørar) og 4 (assisterande instituttleiarar, fagseksjonsleiarar og underdirektørar) i organisasjonen. Desse møta skal vere arenaer for dialog og påverknad i saker som gjeld kompetanseutvikling, ressursbruk og organisering. I tillegg er det etablert informasjons-, drøftings- og forhandlingsutval på verksemdsnivå og samarbeidsutval i fakultet og fellesadministrasjon, der det vert gjennomført informasjons- og drøftingsmøte mellom tillitsvalde og arbeidsgjevar. Sakliste og eventuelle drøftingsgrunnlag vert publisert på fakultetet/fellesadministrasjonen sine interne nettsider i forkant av møta. Før kvart styremøte vert det gjennomført informasjonsmøte med dei tillitsvalde på verksemdsnivå, der referatet frå møtet vert sendt til styret. Tilsette er representerte i alle styre, råd og utval i kvalitetssystemskildringa. Den sakkunnige komiteen vurderer at desse strukturane er formålstenlege for HVL, og meiner at høgskulen legg godt til rette for medverknad og informasjonsflyt for dei tilsette. Komiteen er likevel usikker på korleis deltidstilsette og undervisarar utan emneansvar får høve til å medverke, noko som heng saman med dei manglande rolleskildringane som er skildra under vurderinga av § 1-7 bokstav a.

I eigenvurderinga skriv HVL at det meste av opplæring i kvalitetssystemet og kvalitetsarbeidet går føre seg på fakultetsnivå, og særskilt gjennom ordningar for opplæring av nyttilsette. Høgskulen opplever det som vanskeleg å nå ut til alle tilsette som har ei rolle i kvalitetsarbeidet, og ønskjer derfor å vidareutvikle informasjonsarbeidet sitt for å få til ei meir systematisk og målretta opplæring. Eit døme på tiltak er avdeling for utvikling av læring og undervising sitt arbeid med utviklinga av ein ny modul innanfor universitetspedagogikk. Modulen skal mellom anna bidra til å gjere vitskapleg tilsette meir bevisste på arbeidet med kvalitetsutvikling av emneplanar. Den sakkunnige komiteen verdset arbeidet HVL har sett i gong, og støttar høgskulen sine refleksjonar omkring

viktigheita av å styrke opplæringa av undervisarar og leiarar. Sjå også komiteen sine vurderingar av opplæring i samband med § 1- 8 femte ledd.

HVL har vidare dokumentert tiltak som bidreg til at tilsette utviklar god praksis. Etter pilotering av ordninga etablerte HVL i 2024 ei fast meritteringsordning med utlysing kvart andre år. Dei som får status som merittert undervisar, får ein lønnsauke på 50 000 kroner. Fagmiljøet som den meritterte representerer, får også ein eingongssum på 50 000 kroner, som skal gå til vidare utvikling av utdanningskvalitet i form av tiltak som kjem heile fagmiljøet til gode. Meritterte undervisarar blir tekne med i avdeling for utvikling av læring og undervisning sitt universitetspedagogiske arbeid og i eit pedagogisk akademi som er etablert ved HVL.. Komiteen vurderer eit slikt nettverk som eit godt tiltak i arbeidet med medverknad spesielt og utdanningskvalitet generelt. Komiteen ser også positivt på at HVL årleg deler ut ein pris for utdanningskvalitet. Prisen anerkjenner fagmiljø eller enkeltpersonar som har gjort ein markert innsats i arbeidet med å utvikle kvaliteten på utdanningane ved HVL. Høgskulen har dokumentert tiltak som tydeleg stimulerer til utvikling av god praksis. Den sakkunnige komiteen har ikkje sett like tydeleg tilrettelagte møteplassar for undervisarar og studieprogramleiarar som vil jobbe saman for å utvikle god praksis ved å utveksle erfaringar og diskutere utdanningskvalitet. Komiteen råder høgskulen til å vurdere korleis dei gode tiltaka høgskulen har sett i gong, kan vidareutviklast for å få mest mogleg nytte ut av dei.

Konklusjon

Komiteen vurderer at kravet i universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 tredje ledd er oppfylt.

4.5 Innhenting og bruk av informasjon

Universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 fjerde ledd

Institusjonen skal sørge for å ha tilstrekkelig informasjon til å kunne vurdere kvaliteten i alle studietilbud.

Tolking av kravet

Kravet inneber at institusjonen aktivt skal innhente og anvende relevant informasjon frå eksterne og interne kjelder i kvalitetsarbeidet sitt. Informasjonsinnhentinga skal vere systematisk, målretta og hensiktsmessig organisert, slik at både omfanget og innhaldet i kjeldene er relevante og tilstrekkelege. Det er opp til institusjonen å sørge for å ha den informasjonen som er nødvendig for å kunne gjere kvalifiserte vurderingar og analyser av kvaliteten i alle studietilboda sine. Kravet inneber ei forventning om at institusjonen ikkje berre *hentar inn* informasjon om kvaliteten i studietilboda, men også at informasjonen *vert nytta* til å vurdere og utvikle kvaliteten i studietilbodet, og at dette arbeidet vert dokumentert på ein hensiktsmessig måte.

Vurdering

HVL nyttar eit breitt spekter av interne og eksterne datakjelder for å sikre tilstrekkeleg informasjon om kvaliteten i studietilboda. Informasjonen kjem frå både kvantitative og kvalitative kjelder og er integrert i kvalitetsarbeidet på ulike nivå i organisasjonen.

Informasjonsinnhenting

Dei kvantitative dataa vert i stor grad henta frå kvalitetssikra kjelder som Database for statistikk om høgare utdanning (DBH), og HVL bruker verktøyet Tableau til å utarbeide rapportar. Tableau-rapportane er tilgjengelege på fleire nivå – institusjon, fakultet, institutt og campus – og kan tilpassast etter behov. I tillegg har HVL inngått avtale med SIKT om å ta i bruk den nye Analyseplattformen, som ifølgje HVL vil gje høgskulen tilgang til kvalitetssikra og lett tilgjengelege data for vidare analyser og avgjerder. Det vil bli mogleg å også samanlikne data mellom dei verksemdene i sektoren som inngår avtale med SIKT.

Kvalitative studentdata vert samla inn gjennom fleire undersøkingar og møtepunkt med studentane: referansegrupper, klassemøte, praksisevalueringar som vert gjennomførte i lærar- og sjukepleiarutdanningane med kvalitetsvurdering frå både studentar og praksisrettleiarar, og PPU-barometeret. Sistesemesterundersøkinga vart innført i 2020, men avvikla i 2023 etter låg svarprosent. Desse undersøkingane har blitt gjennomførte, i tillegg til undersøkingane som er nemnde i systemskildringa: rekrutteringsundersøkinga, anonyme emneevalueringar, Studiebarometeret, SHoT og Kandidatundersøkinga.

Den sakkunnige komiteen meiner at HVL ber studentane svare på for mange undersøkingar, og trur høgskulen vil få meir verdifullt materiale om han er meir selektiv i innhentinga av studentdata. Komiteen er bekymra for kvaliteten i dataa som blir innhenta når studentane blir bedne om å svare på mange undersøkingar. I eigenvurderinga skriv HVL at

svarprosenten på fleire undersøkingar har gått ned dei siste åra. Det gjeld særleg dei anonyme emneevalueringane og Studiebarometeret, noko som kan svekke representativiteten i resultatane. HVL drøftar i eigenvurderinga at årsaker til nedgangen i svarprosenten kan handle om at studentane skal svare på eit for høgt tal på undersøkingar, og at dei ikkje får god nok informasjon om korleis tilbakemeldingane vert følgde opp. Studentuttala stiller seg bak desse konklusjonane. For å bøte på utfordringa arbeider HVL med tiltak som å nytte undervisningstida til å svare på undersøkingar og å ta i bruk det nye verktøyet EVA for emneevalueringar. Komiteen støttar HVL sine vurderingar og rådar høgskulen til å vere meir selektiv når det gjeld innsamling av studentdata.

Bruk av informasjonen

For å nyttiggjere seg av informasjonen nyttar høgskulen både faste rapportar og skreddarsydde analyser for å støtte kvalitetsarbeidet. Studentdata vert aktivt brukt i studieprogramråd, evalueringar og dialogmøte, og Tableau-rapportar er eit sentralt verktøy i desse prosessane. I løpet av institusjonsbesøket viste fleire tilsette i HVL til bruk av Tableau-rapportar som del av kvalitetsarbeidet dei utførte. Dette gir den sakkunnige komiteen ei forståing av at rapportane bidreg med nyttig innsikt og eit kunnskapsgrunnlag for kvalitetsarbeid i organisasjonen. Eigenvurderinga til HVL peiker på variasjonar mellom fagmiljøa og fakulteta når det gjeld korleis dei ulike kjeldene blir brukte, og kva kompetanse dei har til å bruke informasjonen i analysearbeidet. Dette kan føre til ulik grad av systematikk både i analysearbeidet og i oppfølginga. Den sakkunnige komiteen anerkjenner at HVL har teke grep for å møte denne utfordringa, mellom anna ved å etablere tverrfaglege team i samband med innføringa av Analyseplattformen og ved å arbeide med rutinar for databruk. HVL har dokumentert og/eller i løpet av institusjonsbesøket gjort greie for prosessar som er i tråd med kvalitetssystemet, og som gjeld både innhenting og bruk av informasjon i saker diskutert i læringsmiljøutvalet, utdanningsutvalet, sentralt ph.d.-utval, utdanningsutval på fakultet, ph.d.-programutval, studieprogramråd og studentdemokratiet. Komiteen har sett at resultat frå periodiske evalueringar og årleg revisjon av studie- og emneplanar blir drøfta i relevante organ.

Data om fagmiljø bidreg til arbeidet med å vurdere og utvikle fagmiljøa til HVL. Høgskulen har utvikla verktøy som Fagmiljørapporten og Kompis-systemet for å vurdere fagmiljø og drive langsiktig ressursplanlegging. Føresetnaden for eit godt datagrunnlag og for å kunne nytte systemet er at alle tilsette registrerer opplysningar om seg sjølv i Kompis, og HVL har difor gjort registreringa obligatorisk gjennom rektorvedtak våren 2025.

Komiteen anerkjenner HVL sitt arbeid med fagmiljø, både med tanke på forbetringar i å halde oversikt og ordningar for å styrke både forskning og undervising. HVL skriv i eigenvurderinga at hovudregelen ved tilsettingar i HVL har vore krav om førstekompetanse i vitskapelege stillingar. Samtidig har høgskulen fleire fagområde der det er behov for tilsette med profesjonsfagleg bakgrunn og erfaring frå yrkeslivet. Rekruttering av tilsette som fyller begge desse krava, omtalar HVL som krevjande. Derfor har høgskulen sett inn ressursar til intern kompetansebygging, gjennom forskning og utviklingsmidlar, intern rekruttering til doktorgradsprogram blant dei tilsette, ei ordning for merittering av

undervisarar og ei hospiteringsordning som legg til rette for at tilsette kan hospitere i praksisfeltet.

Den sakkunnige komiteen meiner at HVL har dokumentert kvalitetssløyfer som viser at kvalitetsarbeidet skjer i tråd med høgskulen sitt kvalitetssystem. Likevel peiker både eigenvurderinga og studentuttala på eit behov for å styrke arbeidet med å formidle korleis saker som er rapportert oppover i organisasjonen, blir følgde opp. Særleg tilbakemeldingssløyfa til studentane blir trekt fram i den samanhengen. Den sakkunnige komiteen støttar HVL sine refleksjonar i eigenvurderinga når høgskulen skriv at han må jobbe for å gje tydelegare informasjon om korleis tilbakemeldingane frå studentane vert følgde opp, og kva for endringar studentane eventuelt har medverka til.

Samla sett viser HVL at høgskulen har tilstrekkeleg informasjon for å kunne vurdere kvaliteten i studietilboda. Komiteen råder likevel høgskulen til å vere meir selektiv i innhentinga av studentdata. Det er tydeleg for den sakkunnige komiteen at høgskulen arbeider målretta med å styrke kvalitetsarbeidet med omsyn til innhenting og bruk av informasjon.

Konklusjon

Komiteen vurderer at kravet i universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 fjerde ledd er oppfylt.

4.6 Systematisk kontroll

Universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 femte ledd

Institusjonen skal systematisk kontrollere at alle studietilbud til enhver tid oppfyller kravene til akkreditering.

Tolking av kravet

Føresegna i § 1-8 femte ledd inneber at institusjonen, i tråd med rutinar i kvalitetssystemet jf. § 1-7 bokstav b, systematisk skal kontrollere at alle studietilbud innfrir krava til akkreditering¹. Føresegna presiserer at det er krav om kontinuerleg oppfylting av akkrediteringskrava. Dette inneber at institusjonen skal ha eigna rutinar for systematisk kontroll ved akkreditering av nye studietilbud og for systematisk kontroll av eksisterande studietilbud, uavhengig av om institusjonen har mynde til å akkreditere egne studietilbud, eller om institusjonen må søke NOKUT om akkreditering. Frekvens og omfang av kontrollane må tilpassast til kva institusjonen ser som nødvendig for å sikre at krava til ei kvar tid er oppfylte. Kva for ordningar institusjonane må ha for systematisk å kontrollere studietilboda, vil variere avhengig av institusjonen og studietilboda sine eigenartar og behov.

Vurdering

Akkreditering av nye studietilbud

Komiteen meiner at HVL sine rutinar legg godt til rette for å sikre at alle nye studietilbud oppfyller akkrediteringskrava ved etablering og oppstart (sjå vurderingane av § 1-7 bokstav b). Prosessen omfattar utgreiingsløyve, utarbeiding av studie- og emneplanar, akkreditering og etablering. I prosessen må fakulteta dokumentere at krava til akkreditering av studietilbud er oppfylte.

HVL har dokumentert to eksempel på prosessen fram mot akkreditering av nye studietilbud: *master i medisinsk laboratorieteknologi* og *master i brannikkerheit*. For det første av desse tilboda, der HVL har sjølvakkrediteringsmyndigheit, dokumenterer høgskulen heile prosessen frå utvikling av eit nytt studietilbud til akkreditering i utdanningsutvalet og etablering i styret. *Master i brannikkerheit* er akkreditert av NOKUT, og HVL har dokumentert sak om utgreiingsløyve og godkjenning av studie- og emneplanar for å illustrere prosessen frå utvikling av eit nytt studietilbud der høgskulen sjølv ikkje har akkrediteringsmyndigheit. Begge prosessane er i tråd med retningslinjene i

¹ Krava til akkreditering av studietilbud er fastsette i lov om universiteter og høyskoler (universitets- og høgskuleloven) §§ 3-2 til 3-4 og Kunnskapsdepartementets forskrift til universitets- og høyskoleloven (universitets- og høgskuleforskrifta) §§ 1-10 til 1-18 og §§ 2-2 til 2-14, med verknad frå 1. august 2025. Forskriftskrava er i stor grad ei vidareføring av føresegnene i forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høyere utdanning (studietilsynsforskrifta), forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning (studiekvalitetsforskrifta) og forskrift om krav til mastergrad. Krava skal vere oppfylte til ei kvar tid, både ved oppstart og under drift.

kvalitetssystemet. Vurderingane omkring oppretting av nye studietilbod er tydeleg forankra i SEFØ-modellen, og det kjem fram i dokumentasjonen at krava til akkreditering blir drøfta, og at det er gjort ei fagleg vurdering av krava.

Komiteen meiner at HVL sitt arbeid med akkreditering av nye studietilbod er tilfredsstillande for å sikre at nye studietilbod er i tråd med krava til akkreditering.

Kontroll med eksisterande studietilbod og fagmiljø

I eigenvurderinga oppgir HVL at både kontrollen med og vidareutviklinga av studietilboda til høgskulen skjer i to prosessar: gjennom den årlege emne- og studieplanrevisjonen og gjennom periodisk evaluering (sjå vurderinga av § 1-8 sjette ledd).

I den årlege emne- og studieplanrevisjonen er det felles rutinar for kvalitetssikring i fleire ledd gjennom systemet Emneplanlegging på Nett (EpN), med oversikt over dei ulike ansvarlege rollene. Døme på ei slik rutine med tidsplan og omtale av kva rolle som er ansvarleg for dei ulike aktivitetane, er dokumentert med eksempel frå Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap sitt studieplanarbeid for studieåret 2025–26. Den sakkunnige komiteen har sett at gjennomførte endringar blir dokumenterte og loggførte.

Høgskulen har utarbeidd ein mal for søknad om vesentlege endringar. I malen går det fram kva for endringar høgskulen har definert som vesentlege, og HVL oppgir i eigenvurderinga at fakulteta blir bedne om å vurdere vesentlege endringar mellom anna opp mot krava til studietilbod og fagmiljø. HVL har dokumentert døme på utfylt søknad om vesentleg endring av *bachelor i drama og anvendt teater*, der fagmiljøet gjer greie for konsekvensar av endringa når det gjeld læringsutbytte, fagområde eller fagleg profil, konsekvensar for den praktiske gjennomføringa (mellom anna undervisnings- og læringsformer, praksis, rettleiing og oppfølging av studentar), konsekvensar for vurderingsformer, konsekvensar for studentar i løp og plan for gjennomføring, konsekvensar for krav til fagmiljø og konsekvensar for rekrutteringsgrunnlaget til eksisterande studieretning.

I dokumentasjonen frå HVL ser det ut som at det berre er ved endringar at akkrediteringskrava blir vurderte i samband med årleg revisjon. Det kjem ikkje fram i dokumentasjonen at rettleiaren for utforming av studie- og emneplanar blir brukt til å vurdere om etablerte studietilbod oppfyller krava til akkreditering i samband med den årlege emne- og studieplanrevisjonen. I tråd med rutinen, som er beskriven i vurderinga av § 1-7 bokstav b, er det studieprogramansvarleg / fagleg leiar ph.d.-program som har ansvaret for vurderinga.

I løpet av institusjonsbesøket blei det ikkje klarare for komiteen om, og i tilfelle av kven, krava til akkreditering blir vurderte i samband med den årlege emne- og studieplanrevisjonen. På spørsmål om korleis systematisk kontroll av eksisterande studietilbod blir ivareteken, fekk komiteen fleire ulike svar frå ulike personar med roller i kvalitetsarbeidet. Fleire med sentrale roller i kvalitetsarbeidet var usikre på kven som hadde ansvaret for å utføre denne kontrollen. Komiteen meiner det inneber ein risiko for at brot med akkrediteringskrava kan førekomme over fleire år utan at tiltak vert satte i verk.

Slik komiteen forstår det praktiske arbeidet med den årlege emne- og studieplanrevisjonen til HVL, særleg på bakgrunn av det som kom fram i ulike intervju under institusjonsbesøket, er det SEFØ-modellen som ligg til grunn for vurderingane. Årleg revisjon inneber dermed kontroll av fleire av akkrediteringskrava.

Ein heilskapleg kontroll med at alle akkrediteringskrava er oppfylte, skjer i samband med periodisk evaluering. Dette har HVL levert fyldig dokumentasjon på, og det var også tydeleg i intervjuet at rutinen for kontroll av akkrediteringskrava i samband med periodisk evaluering er kjent og blir følgd.

Dersom ingen vesentlege endringar blir gjorde i eit emne eller studieprogram, reknar HVL det som at krava til akkreditering framleis er oppfylte, fram til krava blir vurderte på nytt i neste periodiske evaluering.

Sjølv om rutinen som skildrar ein fullstendig kontroll av alle akkrediteringskrava i samband med årleg revisjon, ikkje er dokumentert i faktisk bruk, ser komiteen at akkrediteringskrav likevel blir kontrollerte hyppigare enn kvart femte år, gjennom fleire ulike ordningar. For eksempel blir krava til fagmiljø kontrollerte minimum ein gong i året, i samband med arbeidsplanlegging. HVL har innført verktøyet Kompis, som er ei støtte i å halde oversikten over om akkrediteringskrava knytte til fagmiljø er oppfylte.

I tillegg til den årlege delvise kontrollen av akkrediteringskrava syner dokumentasjonen at målretta oppfølging blir vedteken i samband med periodiske evalueringar, som i dei periodiske evalueringane av *bachelor i økonomi og jus* og *årsstudium i jus*. Her blei høvesvis årleg og fortløpande rapportering vedtekne som tiltak knytte til manglar og utviklingsområde som blei avdekka i periodisk evaluering av studietilboda. Dette syner at HVL gjer strategiske val rundt kontroll av akkrediteringskrava, og hyppigheita høgskulen meiner er nødvendig, også mellom kvar periodiske evaluering. Vala HVL gjer, er baserte på faglege vurderingar av risiko og sårbarheit, som varierer mellom dei mange studietilboda høgskulen tilbyr. Komiteen konkluderer med at det er like stor, eller større, grunn til å tru at HVL samla sett *har* kontroll med at alle studietilboda til ei kvar tid tilfredsstillar akkrediteringskrava, enn det er til å konkludere med at høgskulen *ikkje* har tilstrekkeleg oversikt.

Samla sett finn komiteen derfor at HVL innfrir minstekrava for systematisk kontroll innanfor rammene av høgskulen sin akkrediteringsrett. HVL har tilfredsstillande prosessar for akkreditering av nye studietilbod, men kontrollen med eksisterande tilbod skjer ikkje i tråd med kvalitetssystemet til HVL og har svakheiter når det gjeld systematikk og hyppigheit. At rutinen for systematisk kontroll, slik han er beskriven i kvalitetssystemskildringa til HVL, ikkje blir følgd, kan henge saman med at kvalitetssystemet er nytt. Likevel burde den nye rutinen vere kjend for dei som har roller i kontrollen. Komiteen råder derfor høgskulen til å sørge for betre opplæring i rolla som studieprogramansvarleg og fagleg leiar ph.d.-program. Ein føresetnad for godt kvalitetsarbeid er at dei som har ulike roller, skal vere kjende med ansvaret sitt, og i denne samanhengen også ha god kjennskap til krava til akkreditering av studietilbod. HVL bør arbeide i tråd med rutinane i sitt eige kvalitetssystem og slik sørge for at studieprogramansvarleg / fagleg leiar ph.d.-program gjer ein heilskapleg

årlig kontroll av om studietilbodet oppfyller alle akkrediteringskrava, med støtte i «Rettleiar for utforming av studie- og emneplanar ved HVL».

Konklusjon

Komiteen vurderer at kravet i universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 femte ledd er oppfylt.

4.7 Periodisk evaluering

Universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 sjette ledd

Institusjonen skal gjennomføre periodiske evalueringar av alle studietilbud som ledd i arbeidet med å vidareutvikle kvaliteten. Studenter, samt representantar fra arbeids- eller samfunnsliv og eksterne fagfeller som er relevante for studietilbudet, skal bidra i evalueringane.

Tolking av kravet

Kravet inneber at institusjonen, etter ein syklus han sjølv har fastsett, skal evaluere studietilboda sine. Evalueringane skal omfatte alle typar studietilbud, medrekna gradsgivande studium, årseiningar, vidareutdanningar og emne som ikkje inngår i eit studieprogram, og på alle nivå (bachelor, master og ph.d.). Føresegna i § 1-8 sjette ledd presiserer at det primære føremålet med periodiske evalueringar er kvalitetsutvikling. Evalueringane skal vere ein integrert del av institusjonen sitt kvalitetsarbeid og stå i samanheng med andre rutinar og prosessar i institusjonen sitt kvalitetssystem. Institusjonen skal på eigna måte involvere eksterne fagfellar og representantar frå arbeids- eller samfunnsliv som er relevante for studietilbudet, i evalueringane.

Vurdering

Systemskildringa til HVL beskriv periodiske evalueringar som eit ledd i kvalitetsarbeidet. HVL skriv i eigenvurderinga at høgskulen har jobba mykje med utvikling av prosessen for periodiske evalueringar sidan 2018. Høgskulen sette i gong første periodiske evaluering i 2019 og har hausta erfaringar over fleire år. I 2023 reviderte HVL sist prosessen.

HVL har to formål med dei periodiske evalueringane. Evalueringane er eit ledd i kvalitetssikringa av utdanningane med kontroll av akkrediteringskrava (sjå komiteen sine vurderingar under § 1-8 femte ledd), samtidig som det er eit ledd i kvalitetsutviklinga av studietilboda, der eksterne og studentar ser nærare på utvalde utviklingsområde. HVL skildrar gangen i dei periodiske evalueringane slik:

- A. Førebuing og utveljing av studieprogram som skal evaluerast
- B. Innleiande aktivitetar for kvart studieprogram som skal ha evaluering
- C. Sjølvevaluering
- D. Ekstern evaluering
- E. Gjennomgang av evaluering
- F. Oppfølging og avslutting av evaluering

Den sakkunnige komiteen har sett dokumentasjon på at HVL følgjer denne prosessen i dei periodiske evalueringane. Prodekan for utdanning og kvalitetsrådgjevarar ved fakultetet lagar forslag til rulleringsplan, som utdanningsutvalet vedtek. HVL har dokumentert ein rulleringsplan for kvart fakultet for når dei ulike studietilboda skal gjennom periodisk evaluering i perioden 2025–2030. Planen omfattar alle gradsgjevande studietilbud og årsstudium i den sjølvfinansierte studieporteføljen til HVL. Høgskulen tilbyr likevel 90 ulike

etter- og vidareutdanningar som *ikkje* inngår i systemet for periodisk evaluering. HVL skriv i eigen vurderinga at høgskulen treng å utvikle eit tilpassa system for andre typar studietilbod og enkeltemne som ikkje er ein del av eit program, for eksempel emne som vert tilbydde gjennom eksterne oppdragsgjevarar eller som betalingsemne. Utvikling av porteføljen med desse tilboda er eit satsingsområde for HVL. Dermed er det særleg viktig at HVL har formålstenlege rutinar for periodisk evaluering, også for studietilbod under 60 studiepoeng og etter- og vidareutdanningar.

Utdanningsutvalet til HVL har i november 2025 vedteke å be prorektor for utdanning sette i gong eit arbeid med å lage ein tilpassa prosess for periodisk evaluering av studietilbod under 60 studiepoeng, i samråd med fakulteta, tidleg i vårsemesteret 2026. Komiteen ser kritisk på at dette ikkje allereie er på plass, då kravet om å gjennomføre periodiske evalueringar av alle studietilbod ikkje er eit nytt krav. Komiteen legg til grunn for den samla vurderinga av forskriftskravet at dette arbeidet blir følgt opp, og at **alle studietilbod** snarast mogleg blir innlemma i planane for periodisk evaluering.

Rulleringsplanane HVL har dokumentert, legg til rette for at studietilboda som er omfatta av rulleringsplanane, normalt går gjennom periodisk evaluering kvart femte år.

I dei innleiande aktivitetane til periodisk evaluering er det prodekan for utdanning og kvalitetsrådgjevarar ved fakultetet som skal sette tema for evalueringane.

Studieprogramansvarleg / fagleg leiar ph.d.-program har ansvar for å foreslå aktuelle personar som ekstern fagfelle. Avdeling for utdanningskvalitet skal gjennomføre studie- og emneplananalyse. Vidare i prosessen skal fagmiljøet fylle ut mal for sjølvevaluering, med både utviklingsområde for programmet og gjennomgang av krava til akkreditering.

Vidare skal **ekstern fagfelle** evaluere studieprogrammet og komme med forslag til tiltak og endringar ut frå mandatet hen har fått. Den eksterne fagfellen sitt mandat blir utforma på bakgrunn av både fagmiljøet si sjølvevaluering og ein administrativ gjennomgang av studietilbodet. Den sakkunnige komiteen meiner det er ein styrke at fagmiljøet får bidra til å utforme mandatet. I rapporten frå eksterne fagfellar i samband med periodisk evaluering av *bachelor i ergoterapi* i 2024 er det to fagfellar som står bak vurderingane. Den sakkunnige komiteen anbefalar at eksterne fagfellar får diskutere vurderingane sine med nokon, og meiner at tilbakemeldingane frå eksterne blir meir verdifulle for HVL når høgskulen, slik som i dette tilfellet, legg til rette for diskusjon, framfor at *ein* ekstern fagfelle leverer ein rapport som er utforma på bakgrunn av einsamt arbeid, slik rutinen opnar for.

Med utgangspunkt i prosess-skildringa tvilar komiteen på om ressursbruken er riktig, når det ser ut som at ekstern fagfelle skal vurdere studietilbodet opp mot alle akkrediteringskrava. Mandata dei eksterne fagfellane får, styrer likevel arbeidet tydeleg i retning utvikling, sjølv om rutinen gir utrykk for eit sterkare kontrollformål i dette leddet av den periodiske evalueringa. Føresegna i § 1-8 sjette ledd presiserer at det primære formålet med periodiske evalueringar er kvalitets*utvikling*. Ved å presisere at formålet med evalueringane er utvikling, gjer føresegna tydeleg at det går eit skilje mellom kravet om periodiske evalueringar og kravet om systematisk kontroll av studietilbod. Når periodiske evalueringar inngår i HVL sin rutine for systematisk kontroll, skal evalueringane likevel bidra

til **fagleg utvikling** om høgskulen skal innfri krava til kvalitetsarbeid. I HVL sin tidlegare rutine for periodisk evaluering var kontrollfunksjonen sterkare, og ifølgje eigenvurderinga erfarte HVL at det blei for mykje vekt på kontroll og for lite rom for utviklingsformålet med evalueringane. Det var på bakgrunn av desse erfaringane at utdanningsutvalet bestilte ein større revisjon av prosessen for periodiske evalueringar i 2023, og den nye prosessen er gjennomført i praksis for første gong i 2024. Den sakkunnige komiteen råder HVL til å vurdere om utviklingsformålet med periodisk evaluering er det primære i gjeldande rutine, eller om kontrollfunksjonen framleis tek for mykje plass i prosessen.

Oppfølging og avslutting av evaluering, HVL sitt punkt F i rutinen, viser at fagleg leiing og administrasjonen skal halde evalueringssmøte i etterkant av evalueringa, og utarbeide forslag til tiltak og utviklingsområde. Studieprogramansvarleg / fagleg leiar ph.d. skal på bakgrunn av forslaga lage ein handlingsplan i samarbeid med instituttleiar. Dekan skal godkjenne planen. Kvalitetsrådgjevar skal skrive eit oppsummerande notat som skal godkjennast av dekan. Utdanningsutvalet / sentralt ph.d.-utval handsamar årleg ei samlesak med oppsummering av funn og erfaringar frå alle gjennomførte evalueringar.

HVL oppgir i eigenvurderinga at erfaringar frå gjennomførte evalueringar syner at innspel kring innhald i studietilboda i stor grad har handla om mindre justeringar i emneplanane. Innspela blir følgde opp i første påfølgjande emne- og studieplanrevisjon, noko HVL har dokumentert gjennom sluttnotatet frå periodisk evaluering av *bachelor i ergoterapi* i 2024. HVL har også dokumentert eksempel frå periodisk evaluering av *bachelor i drama og anvendt teater*, der evalueringa avdekkar behov for å gjennomføre større revisjonar med vesentlege endringar. HVL har også dokumentert den påfølgjande søknaden til utdanningsutvalet om godkjenning av vesentlege endringar.

Periodiske evalueringar har også ført til at HVL har oppdaga behov for tiltak på institusjonsnivå, som betre oversikter over fagmiljøa. Derfor har høgskulen utvikla verktøyet Kompis (sjå nærare beskriving i vurderinga av § 1-7 bokstav b). HVL har samla sett dokumentert at institusjonen følgjer opp resultatane frå dei periodiske evalueringane på ein tilfredsstillande måte.

I trinnet «Gjennomgang av evaluering» skal studieprogramansvarleg / fagleg leiar ph.d. **drøfte resultatane med studentar og representantar frå arbeidslivet**. I tråd med kvalitetssystemet til HVL skal alle studieprogram vere tilknytt eit studieprogramråd eller programutval ph.d., der studentar og representantar frå praksisfeltet eller samfunns- og arbeidslivet skal vere representerte. Resultatane frå dei periodiske evalueringane skal diskuterast med studieprogramrådet eller programutval ph.d. for innspel. I mandatet til studieprogramråda er det presisert at råda alltid skal ha studentrepresentasjon og minst éin representant frå praksisfeltet eller samfunns- og arbeidslivet. Rådet sitt mandat er mellom anna å «gå gjennom relevante evalueringar og studentdata, drøfte og gi råd om tiltak for å betre gjennomstrøyming og læringsmiljø på studieprogramma. Gjennom eksterne medlemmer skal rådet også få innspel og diskutere arbeidslivsrelevansen i utdanninga.» HVL har dokumentert at studieprogramråd har diskutert periodiske evalueringar i møte. Det har blitt sett av 20–50 minutt til diskusjonane. Kort oppsummerte innspel i diskusjonen

har blitt referatførte. Referat frå møte i studieprogramråd for bioingeniørfag gjer tydeleg at rådet har behandla konkrete spørsmål knytte til studieprogrammet sine sterke sider og prioriterte utviklingsområde, noko som ikkje kjem like tydeleg fram i dei andre møteterferata der periodisk evaluering har vore behandla.

Den sakkunnige komiteen er i tvil om kor stor påverknad studentinnspel og innspel frå ekstern arbeidslivsrepresentant får inn i evalueringane når bidraget kjem som ein del av «Gjennomgang av evaluering», heller enn i samband med punkt D, «Ekstern evaluering». Komiteen er dessutan i tvil om mandatet til studenten og den eksterne arbeidslivsrepresentanten er tydeleg. Komiteen meiner at det eksterne bidraget inn i evalueringane ville ha vore meir omfattande og verdifullt om student, ekstern fagfelle og ekstern arbeidslivsrepresentant fekk moglegheit til å drøfte vurderingane sine med kvarandre, og om dei samarbeidde om ei skriftleg uttale ut frå eit tydeleg mandat.

Under institusjonsbesøket løfta HVL fram verdien av arbeidslivsrepresentantane sine bidrag inn i studieprogramråda, og ikkje berre i samband med periodiske evalueringar. Den sakkunnige komiteen har drøfta korleis det påverkar den eksterne arbeidslivsrepresentanten si rolle inn i periodiske evalueringar at representanten er gjort til dels intern gjennom å vere fast medlem i eit råd. HVL seier i intervju at ordninga med faste representantar fører til meir treffsikre råd frå den eksterne arbeidslivsrepresentanten, nettopp fordi han er betre kjent med institusjonen. Den sakkunnige komiteen er ikkje i tvil om at det er verdifullt med ekstern representasjon inn i studieprogramråda. I samband med periodiske evalueringar er komiteen si oppfatning likevel at bidraga kjem for seint i prosessen, og at ramma for bidraga er for uformell, når dei kjem som ein del av ei munnleg drøfting i eit studieprogramrådsmøte eller ph.d.-programutvalsmøte og er dokumenterte gjennom kortfatta referatføring.

Komiteen meiner at HVL utfordrar forskriftskravet når det kjem til kva som skal vere bidraget frå studentar og eksterne representantar frå samfunns- og arbeidslivet. Når den nye rutinen har fått verke lenge nok til at høgskulen kan gjere ei kritisk vurdering, bør HVL vurdere om den noverande rolla til student og ekstern arbeidslivsrepresentant i periodisk evaluering er formålstenleg.

Den sakkunnige komiteen meiner HVL har ein tilfredsstillande prosess for periodiske evalueringar. Komiteen rår HVL til å sikre at utviklingsformålet er viktigast, og at kontrollfunksjonen ikkje tek for mange ressursar. Dersom kontrollformålet med periodisk evaluering blir godt ivareteke i ein årleg systematisk kontroll, kan utviklingsaspektet ved periodisk evaluering reindyrkast. Den sakkunnige komiteen ser positivt på at HVL legg til rette for dialog mellom eksterne fagfellar, men meiner dei eksterne bidraga kunne ha vore meir verdifulle om fagfelle, student og arbeidslivsrepresentant samarbeidde om ei felles uttale. Komiteen vurderer likevel at minstekrava for involvering av eksterne er oppfylte. Vidare forventar komiteen at etter- og vidareutdanningar snarast vert inkluderte i rulleringsplanane.

Konklusjon

Komiteen vurderer at krava i universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 sjette ledd er oppfylte.

4.8 Komiteen si samla vurdering og råd til HVL

Komiteen vurderer at kvalitetsarbeidet ved Høgskulen på Vestlandet er tilfredsstillande, og at høgskulen oppfyller krava til kvalitetssystem og kvalitetsarbeid i universitets- og høgskuleforskrifta §§ 1-7 og 1-8.

Komiteen vil nytte høvet til å takke HVL for interessante og spennande samtalar under institusjonsbesøket, med engasjerte og dedikerte studentar og tilsette, og for eigenevalueringa og dokumentasjonen som høgskulen la fram i tilsynet. Komiteen vil også rose HVL for det omfattande og gode arbeidet som er lagt ned i utviklinga av kvalitetssystemet over tid.

HVL har eit viktig og godt fokus på å sikre og å byggje sterke fagmiljø. Instituttleiinga sørgjer for tilstrekkeleg kompetanse gjennom akkreditering, planlegging og evalueringar, medan verktøyet Kompis gir oversikt og støttar strategisk bemanning og oppfylling av akkrediteringskrava. Komiteen rosar vidare HVL for det systematiske arbeidet med å byggje kultur for kvalitet gjennom å styrke den pedagogiske kompetansen hos undervisarane gjennom kurs og ei fast meritteringsordning. Eit pedagogisk akademi vil bidra til nettverk, bygging og deling av erfaringar og kunnskap om undervisnings- og utdanningskvalitet med vekt på studentane si læring, samarbeid og vitskapeleg tilnærming.

Dei studieprogramansvarlege, faglege leiarar for ph.d.-programma og dei emneansvarlege er sjølve navet i arbeidet med studieprogramma. Komiteen støttar varmt HVL sine tankar om eit felles forum der dei studieprogramansvarlege og faglege leiarar for ph.d.-programma kan jobbe saman og byggje kompetanse på tvers av fagmiljø og studieprogram. Komiteen meiner det er viktig at HVL sørgjer for kultur for deling og kollegialt arbeid på emne- og programnivå. Komiteen har også merkt seg det gode arbeidet med verktøyet/sjekklista for emneansvarlege, som støttar gjennomføringa av kvalitetsarbeidet på emnenivå.

Komiteen ser det som særleg positivt at kvalitetssystemet er sterkt studentorientert, med brei studentrepresentasjon i kvalitetsarbeidet. Komiteen gir HVL honnør for det grundige arbeidet med læringsmiljøet. Gjennom eit tydeleg system med klar ansvarsfordeling og velfungerande praksis sikrar HVL eit heilskapleg og kontinuerleg fokus på læringsmiljøet ved alle dei fem campusane. Særleg positiv er deltakinga i det nasjonale kompetansenettverket LÆR-VEL, som fremjar samarbeid og innsikt på tvers av institusjonar. Langsiktige satsingar, som inkluderande læringsmiljø og universell utforming, er godt forankra i handlingsplanen, og arbeidet med det digitale læringsmiljøet er styrkt gjennom ei eiga faggruppe.

Komiteen har også nokre kritiske merknadar. I det vidare arbeidet med kvalitetssystemet og kvalitetsarbeidet meiner komiteen at HVL bør ha særleg merksemd på følgjande:

Det er vanskeleg å få eit tydeleg bilete av rapporteringslinjene slik dei er skildra i kvalitetssystemet. Rapporteringslinjene varierer også mellom fakulteta på grunn av ulike intern organisering og delegering av ansvar. Ansvar og myndigheit på dei ulike nivåa i organisasjonen er uklar. Det same gjeld informasjonsflyten og kvalitetssløyfene mellom dei

ulike nivåa. Til dømes kan det vere naudsynt å klargjere rollene og ansvaret til rektor, prorektorar og dekanar, og korleis desse rollene påverkar linjene vidare nedover i systemet. Komiteen saknar klare indikatorar og måltal for kvalitetsarbeidet ved HVL. Klare mål gir retning og gjer det lettare å måle framgang eller svikt i kvalitetsarbeidet.

Komiteen vurderer at HVL oppfyller minstekrava til systematisk kontroll. Høgskulen har gode prosessar for akkreditering av nye studietilbod, men kontrollen med eksisterande studietilbod følgjer ikkje det nye kvalitetssystemet, og ansvarsfordelinga er uklar. Komiteen rår HVL til å styrke opplæringa og sikre at den årlege kontrollen med alle akkrediteringskrava blir gjennomført.

Når det gjeld periodiske evalueringar, meiner komiteen at HVL utfordrar kravet om involvering av studentar og representantar frå arbeidslivet, men likevel tilfredsstiller minstekrava. Prosessen er i hovudsak god, med tydeleg struktur og relevant involvering av eksterne fagfellar. Revisjonen i 2023 har styrkt utviklingsformålet, men kontrollfunksjonen dominerer framleis. Komiteen tilrår at utviklingsaspektet blir reindyrka. HVL utelèt no studietilbod under 60 studiepoeng, men har dokumentert ein pågåande prosess for å inkludere alle studietilbod. Komiteen legg til grunn at HVL snarast følgjer opp og gjennomfører den prosessen.

Råd til vidareutvikling av kvalitetssystemet og kvalitetsarbeidet

I tillegg til å vurdere om kvalitetssystemet og kvalitetsarbeidet oppfyller krava i universitets- og høgskuleforskrifta §§ 1-7 og 1-8, ligg det i komiteen sitt mandat å gi råd om vidareutvikling av kvalitetsarbeidet ved institusjonen. Alle råda går ut over minstekrava i universitets- og høgskuleforskrifta.

Den sakkunnige komiteen vil gi følgande råd til HVL:

- HVL bør utarbeide ei eintydig og samla framstilling av prosedyrar for å vurdere om alle studietilbod til ei kvar tid møter akkrediteringskrava. Ordningane med systematisk kontroll skal sikre kvaliteten i studietilboda og etterleving av nasjonale standardar.
- Den periodiske evalueringa av studietilboda til HVL bør i større grad involvere eksterne aktørar. HVL bør også arbeide for å styrke utviklingsformålet med evalueringane.
- Komiteen tilrår at høgskulen identifiserer, utviklar og tar i bruk konkrete, målbare og relevante indikatorar og måltal som kan brukast til å evaluere kvalitetsarbeidet og kvaliteten i utdanningane. Dette vil gjere det mogleg å identifisere og følgje opp avvik. Sjølv om kvalitetssystemet i seg sjølv ikkje nødvendigvis skal innehalde detaljerte målsetjingar, så bør HVL sette tydelege mål i strategidokument, i årsplanar og i handlingsplanar på einingsnivå.
- Det er behov for å rydde opp i uklarheiter rundt ansvar og myndigheit i organisasjonen. HVL bør utarbeide eit tydeleg kart som viser ansvarsfordelinga og samanhengane både oppover og nedover i linjene, særleg i trekanten mellom rektor, prorektorar og dekanar, men også vidare nedover i organisasjonen.

- For å sikre ein heilskapleg og kontinuerleg prosess for kvalitetsutvikling bør HVL arbeide systematisk med å sikre kvalitetssløyfer med informasjon om innsamling av data, vurdering, utvikling av tiltak i dialog med fagmiljøa og oppfølging av tiltaka.
- HVL bør vurdere korleis studentane sine tilbakemeldingar kan bli brukte på ein meir hensiktsmessig måte i kvalitetsarbeidet. HVL bør prioritere blant dei mange undersøkingane og vurdere når det er rimeleg å involvere studentane. Overdriven involvering kan føre til lågare svarprosentar og manglande representativitet, noko som svekker kunnskapsgrunnlaget for kvalitetsarbeidet.
- HVL bør etablere ein fast årleg rapport til styret som gir ei samla framstilling av kvalitetsarbeidet, slik at styret får eit heilskapleg grunnlag for vurderingar.

Vedlegg

Offentleg uttale frå HVL



NASJONALT ORGAN FOR KVALITET I UTDANNINGEN NOKUT
Postboks 578
1327 LYSAKER

Dykkar ref.
26/00579-3

Vår ref.
26/02239-5

Dato
18.03.2026

Offentleg uttale - Rapport frå periodisk tilsyn med kvalitetsarbeid ved Høgskulen på Vestlandet

Høgskulen på Vestlandet viser til innstilling frå sakkunnig komité motteke 09.03.2026. Vi takkar for eit godt samarbeid med komiteen og ein god og grundig rapport med nyttige tilbakemeldingar. Tilbakemeldingane samsvarer godt med høgskulen si eigenvurdering av styrker og utfordringar i kvalitetssystemet og kvalitetsarbeidet.

Vi ser fram til å starte med fase to i tilsynet. Vi vil bruke tilbakemeldingane frå komiteen både for å bevare styrkane som vert trekt fram i rapporten, og jobbe for å utvikle område der komiteen har sett forbettringspotensiale.

Med helsing

Bente Sønsthagen
Fagansvarlig utd.kvalitet,portef.analyse

Gunnar Yttri
Rektor

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur



DRAMMENSVEIEN 288 | POSTBOKS 578,1327 LYSAKER | T: 21 02 18 00 |